

Fiskeristatistikk 2007

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

	Standardteikn i tabellar	Symbol
© Statistisk sentralbyrå, oktober 2009	Tal er umogleg	.
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg og nevnt Statistisk sentralbyrå som kjelde	Oppgåve manglar	..
ISBN 978-82-537-7667-5 Trykt versjon	Oppgåve manglar førebels	...
ISBN 978-82-537-7668-2 Elektronisk versjon	Tal kan ikkje offentleggjerast	:
ISSN 0333-3728 Trykt versjon	Null	-
ISSN 1504-2561 Elektronsik versjon	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Emnegruppe	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
10.05	Førebels tal	*
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
	Desimalskilleteikn	,

Forord

Denne publikasjonen gir eit statistisk oversyn over fiskerinæringa, der det er teke med eit utval av tilgjengeleg statistikk. For sjøfiske gir publikasjonen tal for fiskarar, fiskefartøy, fangst og økonomisk resultat. Det er òg teke med fangst levert i Noreg av utanlandske fiskefartøy. For fiskeforedlingsindustrien er det med statistikk som viser talet på bedrifter, sysselsette og økonomiske hovudtal. Publikasjonen har òg med tal for eksport og import av fisk og fiskeprodukt, og eit kapittel som gir oversikt over ein del fiskebestandar.

Fram til 1977 gav Fiskeridirektoratet ut denne publikasjonen. 1977-årgangen var den første Statistisk sentralbyrå gav ut. Fiskeridirektoratet utarbeider framleis ein stor del av talgrunnlaget til publikasjonen, og gjer bidrag til teksten.

Førebelse 2008-tal for fiskeria blei publiserte på Statistisk sentralbyrå sine websider i februar 2009.

På websidene ligg heile publikasjonen i PDF-format, men tabellane kan òg hentast ut i Excel-format. Internett-adressa er:
<http://www.ssb.no/emner/10/05/fiskeri/>

Meir informasjon kan finnast på Fiskeridirektoratet sine heimesider. Internett-adressa er: <http://www.fiskeridir.no>

Arbeidet med publikasjonen har vore leia av rådgivar Berit Storbråten. Ansvarleg seksjonsleiar er Ole O. Moss, Seksjon for primærnæringsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå, 1. september 2009
Oslo/Kongsvinger,

Øystein Olsen



Nils Håvard Lund

Innhald

Forord	3
Innhald	4
Figurregister	5
Tabellregister	6
1. Bakgrunn og føremål	7
1.1. Føremål og historie.....	7
1.2. Brukarar og bruksområde	10
2. Fiskarar og fartøy	11
2.1. Hovudresultat	11
2.2. Om produksjon av statistikken.....	11
2.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	12
2.4. Feilkjelder og uvisse	12
2.5. Samanlikningar og samanheng	12
3. Bestandar	17
3.1. Hovudresultat	17
3.2. Om produksjon av statistikken.....	18
3.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	18
3.4. Feilkjelder og uvisse	18
3.5. Samanlikningar og samanheng	18
4. Fangst	22
4.1. Hovudresultat	22
4.2. Om produksjon av statistikken.....	22
4.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	24
4.4. Feilkjelder og uvisse	25
4.5. Samanlikningar og samanheng	25
5. Tilverking og utanrikshandel	40
5.1. Hovudresultat	40
5.2. Om produksjon av statistikken.....	40
5.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	41
5.4. Feilkjelder og uvisse	41
5.5. Samanlikningar og samanheng	41
6. Lønsemd	50
6.1. Hovudresultat	50
6.2. Om produksjon av statistikken.....	50
6.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	51
6.4. Feilkjelder og uvisse	51
6.5. Samanlikningar og samanheng	51
Vedlegg	
A. Hovudgrupper av fangstarter	55
B. Eit utval av omrekningsfaktorar	56
C. ICES – fiskeristatistiske områder	57
D. Fangstområde. Nordvestlege Atlanterhav	58
E. Fangstområde. Nordaustlege Atlanterhav	59
F. Fangstområde	60
G. Varegrupper i tabellane om eksport og import.....	61
H. Namn på nokre sjødyr omsett til ulike språk	63
I. Plansje over nokre sjødyr. cm	65

Figurregister

2.1. Fiskarar, etter fiske som leveveg og fylke. 2007.....	13
3.1. Nordaustarktisk torsk. Totalbestand og gytebestand. 1950-2007. 1 000 tonn	19
3.2. Nordaustarktisk hyse. Totalbestand og gytebestand. 1950-2007. 1 000 tonn	19
3.3. Nordaustarktisk sei. Totalbestand og gytebestand. 1960-2007. 1 000 tonn	20
3.4. Gytebestand for norsk vårgytande sild. 1950-2007. 1 000 tonn	20
3.5. Bestand av lodde i Barentshavet (eitt år gamal og eldre fisk). 1972-2007. 1 000 tonn.....	21
3.6. Gytebestand av kolmule. 1981-2007. 1 000 tonn.	21
4.1. Kvotar og fangst av nordaustarktisk torsk. 1996-2007. 1 000 tonn.	26
4.2. Fangstmengd, etter hovudgruppe av fangstarter. 1977-2007. 1 000 tonn.	26
4.3. Fangstmengd, etter hovudgruppe av fangstarter og ilandføringsfylke. 2007. Tonn	27
4.4. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten. Prosent. 2007	28
5.1. Bedrifter ¹ og sysselsette innan fiskeforedling. 1998-2007	42
5.2. Eksportmengd og -verdi av fisk og fiskeprodukt. 1999-2007.	42
5.3. Eksportmengd og -verdi av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland. 2007. Prosent. ..	43
6.1. Bruttoprodukt i basispris for fiske og fangst, og som del av Bruttonasjonalprodukt (BNP). 2000-2007.....	52
6.2. Gjennomsnittlege driftsinntekter og -kostnader ¹ , og driftsmargin for heilårsdrivne fartøy 8 meter største lengd og over. 1980-2007.....	53

Tabellregister

2.1. Fiskarar, etter fiske som leveveg. 1983-2007	14
2.2. Fiskarar, etter fiske som leveveg og fylke. 2006-2007	14
2.3. Registrerte fiskefartøy, etter fylke. 1997-2007	15
2.4. Registrerte fiskefartøy, etter lengd og fylke. 2007	15
2.5. Fiskefartøy, etter byggeår og fylke. 2007	15
2.6. Tal konsesjonar og deltakande fartøy, etter fylke. 2007	16
4.1. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fangstarter. 1977-2007	29
4.2. Total fangstmengd, etter bruken. 1977-2007	30
4.3. Gjennomsnittleg pris for fisk mv. ved sal frå fiskar. 1998-2007	31
4.4. Fangstmengd, etter fangstreiskap og fangstarter. 2007. Tonn rund vekt.....	32
4.5. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten og fangstarter. 2007.	33
4.6. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fangstarter og fangstområde. 2007. ...	34
4.7. Fangstmengd og -verdi, etter hovedgruppe av fangstarter og ilandføringsfylke. 2007.	35
4.8. Fangstmengd og -verdi, etter salslag. 2007	35
4.9. Selfangst. 1950-2007	36
4.10. Småkvalfangst. 1974-2007	36
4.11. Verdsfangsten av fisk, etter bruken. Medrekna fiskeoppdrett. 1996-2006. Mill. tonn rund vekt	37
4.12. Fangstmengd i land med størst fangst. 1996-2006. Mill. tonn	37
4.13. Fangstmengd og -verdi ført i land i Noreg av utanlandske fartøy, etter hovudgruppe av fangstarter. 1986-2007	38
4.14. Fangstmengd og -verdi ført i land i Noreg av utanlandske fartøy, etter hovedgruppe av fangstarter og nasjonalitet til fartøy. 2007	39
5.1. Bedrifter ¹ og sysselsette innan fiskeforedling, etter næringsundergruppe. 1998-2007	44
5.2. Bedrifter, sysselsette, verdi av tilverking mv. innan fiskeforedling, etter næringsundergruppe og fylke. 2007	45
5.3.a Eksportverdi av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland og varegruppe. 1999-2007. Millionar kroner	46
5.3.b Eksportverdi av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland og varegruppe. 1999-2007. Millionar kroner	47
5.4.a Eksportert mengd av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland og varegruppe. 1999-2007. 1 000 tonn.....	48
5.4.b Eksportert mengd av fisk og fiskeprodukt, etter mottakarland og varegruppe. 1999-2007. 1 000 tonn.....	48
5.5. Import av fisk og fiskeprodukt ¹ frå ulike land. Mengd og verdi. 1991-2007	49
6.1. Tal frå Nasjonalekneskapen for fiske og fangst. 2000-2007*. Millionar kroner	54
6.2. Gjennomsnittleg driftsresultat for heilårsdrivne fartøy 8 meter største lengd og over, etter lengd, fylke og type fiske. 2007. Kroner	54

1. Bakgrunn og føremål

1.1. Føremål og historie

Fiskeristatistikken skal gi løpande oversikt over fiskarar, fiskefartøy, bestandar, fangstmengd av sjøfisk og dessutan tal for sysselsetjing og økonomi. I 1868 blei fiskeristatistikken for første gong lagt fram i ein eigen publikasjon. I 1900 overtok Fiskeridirektoratet utarbeidinga av statistikken, og frå og med 1977 er publikasjonen NOS Fiskeristatistikk gitt ut av Statistisk sentralbyrå i samarbeid med Fiskeridirektoratet. 2005-utgåva blei revidert i samband med at Statistisk sentralbyrå no mottok talmaterialet for fangstmengd av sjøfisk på meir detaljert nivå. Dette gir fleire val i forhold til publisering og gjer det enklare å møte nye behov frå publikum. Papirpublikasjonen har færre tabellar enn tidlegare, men til gjengjeld vil ein finne fleire detaljar på Internett enn før.

Fiskarar og fartøy

Kapittel 2 gir eit oversyn over fiskarar og fiskefartøy som driv inntektsgevande fiske eller fangst. Statistikken byggjer på administrative datakjelder som er forankra i lov og forskrifter.

Fiskarar

Deltakinga i inntektsgevande fiske og fangst er regulert gjennom lov av 26. mars 1999 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova). Lova trådte i kraft 1. januar 2000. Lovas føremål er mellom anna å tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget. Ved konsesjonar blir løyve til fiske og fangst avgrensa, likeeins med årlege deltakaradgangar. Deltakinga i fisket er òg regulert indirekte ved fangstreguleringar. Dette er omtala i kapittel 4.2.

Inntil 1981 hadde Sosialdepartementet v/Rikstrygdeverket ansvar for føring av fiskarmanntalet. I kvar kommune med fiskarar skulle det vere ei manntalsnemnd og ein manntalsfører. Manntalsføresegnene var fastsett med heimel i trygdelovgjevinga. Kvaliteten på oppgåvene varierte frå kommune til kommune.

Frå 1. januar 1981 blei ansvaret for fiskarmanntalet overført frå Rikstrygdeverket til Fiskeridirektoratet. Bakgrunnen var at stadig fleire rettar, dei fleste av fiskeri- og næringsmessig karakter, blei knytt til å stå i manntalet. Lov av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa fastsette at det skulle vere ei fiskerinemnd i alle kommunar med fiskarar. Nemnda skulle ha det overordna ansvaret for føring av manntalet, og fiskerettleiaren det daglege ansvaret.

26. september 1983 fastsette Fiskeridepartementet nye føresegner for føring av manntalet for fiskarar og fangstmenn o.a. med heimel i rettleiingslova § 8. Dei nye føresegnene hadde noko strengare vilkår for opptak enn dei gamle, noko som førte til reduksjon i talet på yrkesfiskarar.

Same føresegner gjeld i hovudsak enno, men lovheimelen er overført til lov av 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskarar, § 4. Lov om rettleiingstenesta i fiskerinæringa blei oppheva med verknad frå 1. juli 1998 og ordninga med fiskerinemnder fall bort. Fiskeridirektoratet har sidan 1983 ført eit elektronisk sentralregister over manntalsførte yrkesfiskarar.

Fartøy

Lov om registrering og merking av fiskefartøy av 5. desember 1917 slår fast at alle fartøy som driv fiske eller fangst skal førast inn i eit merkeregister. Det følgjer av Deltakarlova av 26. mars 1999 § 4 at fartøy ikkje kan nyttas til inntektsgevande fiske eller fangst utan at det er gitt ervervsloyme av departementet.

Alle konsesjonar, utanom sel- og kvalfangst, er gitt til namngitt person eller selskap for fiske med eit namngitt fartøy. Ved eigarskifte og ved utskifting av fartøy må det søkjast om ny konsesjon. Løyve til å delta i sel- og kvalfangst blir

gitt på årleg basis etter søknad. Alle konsesjonar/løyve er gitt av det offentlege etter søknad.

Hausten 2006 trådte det i kraft eit nytt regelverk som inneheld bestemmingar om særskilte løyver til å drive fiske med trål, reke-trål, ringnot og snurpenot etter sei "Forskrift av 13. oktober 2006 om spesielle løyve for å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskrifta)". Denne forskrifta erstattar fleire tidlegare forskrifter.

Registeret over merkepliktige norske fiskefartøy er tilgjengeleg på Internett under: www.fiskeridir.no/statistikk/registre (Fartøyregisteret).

Fiskeridirektoratet gir også ut eit hefte som heiter "Fiskefartøy og fiskarar, konsesjonar og årlege deltakaradgangar". Denne rapporten og historiske tidsseriar blir også lagt ut på Internett under: www.fiskeridir.no/statistikk/fiskeri

I dei fiskeria der deltakinga er konsesjonspliktig, førar Fiskeridirektoratet register over fiskefartøy som eigaren har spesielle løyve på. Register over fartøy som kan delta i fiskeri som det er fastsett årlege deltakaravgrensingar blir likeeins ført av Fiskeridirektoratet.

Statistisk sentralbyrå har gjennomført fiskeriteljingar i 1948, 1960 og 1971. Desse teljingane gir dei mest pålitelege tala om fiskarar og fartøy for dei åra teljingane er haldne. Det er ikkje planlagt å halde noko ny fiskeriteljing.

Bestandar Kapittel 3 gir ein kort oversikt over utviklinga i nokre viktige fiskebestandar i havområda våre. Tala blir utarbeida av Havforskningsinstituttet og gitt ut i ein årleg rapport: Havets ressursar og miljø. Havforskningsinstituttet har gitt ut samla statusrapport for tilstandane i Noregs havområde sidan 1970 åra.

Fangst Lov om saltvannsfiske m.v. (Saltvannslova) og Lov om omsetning av råfisk (Råfisklova) gjer lovgrunnlaget for landings- og slutsetlane som fangststatistikken for landa fangst byggjer på. Forskrift om opplysningsplikt ved landing og omsetning av fisk gjeldande frå 1. januar 2004 gav fiskar og mottakar av fisken nye plikter. Regelverket gjeld for norske fiskefartøy som landar i Noreg og i utlandet, og for utanlandske fiskefartøy som landar i Noreg. Regelverket gjeld og for transportfartøy som har henta fisken ute på sjøen og landar i Noreg.

Statistikken omfattar fangstar frå sjøfisket leverte av norske fiskarar i Noreg eller utanlands. Fangst som er levert frå norske fartøy ved kjøp av kvotar frå andre land (joint venture) er medrekna i tala. Forskningsfangst vil også vere medrekna.

Utanlandske fartøy sine landingar av fangst i Noreg er ikkje medrekna i tala, men er å finne i eigne tabellar sist i kapitelet. I 1954 blei det bestemt av FN sin statistiske komité at ansvaret for innsamling av fangstopplysningar og produksjon av fangststatistikk skal vere knytt til flaggstaten til fiskefartøyet. Før 1993 var det eit generelt forbod for utanlandske fartøy å levere fangst i Noreg. Dispensasjon frå forbodet blei gitt etter søknad til Fiskeridepartementet i kvart tilfelle. Ved endringar av juni 1993 i "Lov av 17. juni 1966 nr 19 om Noregs fiskerigrense og om forbod mot at utlendingar driv fiske innanfor fiskerigrensa", blei det derimot gitt eit generelt løyve for utanlandske fartøy til å levere fangst direkte i norske hamner.

Det er også teke med tabellar som viser utbytet av selfangst, kvalfangst og fiskeria i andre land.

Noreg oppretta ei økonomisk sone på 200 nautiske mil frå 1. januar 1977 og ei fiskevernesone på 200 nautiske mil rundt Svalbard 15. juni 1977. Ved kongeleg resolusjon av 23. mai 1980 blei fiskerisona rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980. Sidan det ikkje var semje om ei endeleg deleline mellom norsk og sovjetisk sone i Barentshavet, blei Noreg og Sovjetunionen 11. januar 1978

samde om ein mellombels avtale som regulerer fisket i grenseområda (Gråsoneavtalen). Denne avtalen må fornyast kvart år.

Utanlandsk fiske i Noregs økonomiske sone (NØS) kan berre finne stad med heimel i fiskeritavtale mellom Noreg og dei aktuelle flaggstatane for dei utanlandske fartøya. Forskrifter av 13. mai 1977 gav heimel for å inngå avtalar med andre land som gir dei løyve til å fiske i Noreg si sone. I tida etter 1977 er det inngått følgjande avtalar:

- Avtalar om gjensidige fangstrettar med den Europeiske Unionen (EU), Russland, Færøyane og Grønland. Føremålet med desse avtalane er å opprette ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Sidan det er naudsynt med felles innsats for å sikre ei effektiv forvaltning av fiskeartar som vandrar over sonegrensene, inneheld fiskeritavtalen med EU og Russland reglar for samarbeid om forvaltninga av fellesbestandane i respektive Nordsjøen og Barentshavet. Avtalene gjeld i ti år.
- Etter at Sverige blei medlem av EU, forhandlar EU ein eigen avtale på vegne av Sverige (Nabolandsavtale), som gir Sverige løyve til å fiske i NØS i Nordsjøen. Før 1995 blei denne nabostatsavtala forhandla bilateralt mellom Sverige og Noreg.
- Avtale som gav Polen og det tidlegare DDR løyve til å fiske på overskotsbestandar i Noreg si sone.
- For Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat har Noreg, Sverige og Danmark ein trerikesavtale underteikna 19. desember 1966 som gjeld fram til 2002. Sidan trerikesavtalen ikkje blei sagt opp i 1999 blei avtalen automatisk fornya med 5 år. Gjeldane avtale er gyldig til og med 2007. Denne avtalen gir fiskarar frå dei tre landa høve til å fiske inntil 4 nautiske mil frå grunnlinene i området utan omsyn til sonegrensar. Reguleringsstiltak for området skal vere basert på avtalar mellom dei tre landa. Sidan 1978 har EU forhandla denne avtalen på vegne av Danmark og sidan 1996 også på vegne av Sverige.
- Ein fempartsavtale om norsk vårgytande sild mellom Island, Færøyane, EU, Russland og Noreg, som gir dei andre partane tilgang til norske farvatn. Denne avtalen gjeld for eit år av gongen.
- Ein trepartsavtale om lodde mellom Grønland, Island og Noreg, kor det er avtalt gjensidig tilgang til kvarandre sine soner.

Noreg er medlem av organisasjonane NEAFC (The North East Atlantic Fisheries Commission) og NAFO (Northwest Atlantic Fisheries Organization) som forvaltar fisket i internasjonale område høvesvis i det nordaustlege og det nordvestlege Atlanterhav. NEAFC blei oppretta i 1953 og fekk mykje å seie forvaltningsmessig frå 1998. NAFO blei oppretta i 1949.

Kvart år gir Den rådgivande komité for fiskerforvaltning (ACFM) i Det Internasjonale Rådet for Havforskning (ICES) sine tilrådingar for totalt fiske av dei einskilde fiskeslaga. Desse tilrådingane er utgangspunkt for drøftingar og konsultasjonar mellom Noreg og dei landa som Noreg har inngått avtalar med.

Tilverking og utanrikshandel

Kapitelet tek for seg bedrifter, sysselsetjing og nokre økonomiske tilhøve i fisketilverkingsindustrien, samt eksport og import av fiskeprodukt. Vi gjer merksam på at dette gjeld all industri og handel med fisk og fiskeprodukt, dvs. uavhengig av om fisken stammer frå fangst eller oppdrett.

Tala for bedrifter, sysselsetjing og fisketilverkingsindustri blir utarbeida av Statistisk sentralbyrå sin Seksjon for energi og industristatistikk. Føremålet er å blant anna gi ein detaljert oversikt over sysselsetjing og tilverkingssverdi fordelt på

næringar, storleik og regionar. Industristatistikken blei første gong publisert i 1876 for åra 1870-1874.

Tala for eksport og import av fiskeprodukt blir utarbeida av Seksjon for utanrikshandel. Føremålet er å gi ein oversikt over varestraumen mellom Noreg og utlandet. Månadsstatistikken over utanrikshandel med varer har blitt publisert sidan 1913.

Lønsemd Kapitelet tek for seg fiskerinæringa i nasjonaløkonomisk samanheng og driftsresultat for fiskeflåten.

Dei nasjonaløkonomiske tala blir utarbeida av Seksjon for nasjonalrekneskap. Føremålet med nasjonalrekneskapen er å gi eit avstemt og heilskapeleg bilete av samfunnsøkonomien. Det første årlege nasjonalrekneskap etter moderne prinsipp blei publisert av Statistisk sentralbyrå i 1952. På 1950-talet blei det berekna tal for nasjonalrekneskap heilt tilbake til 1865.

Tala for driftsresultat for heilårsdrivne fartøy kjem frå Fiskeridirektoratet sin ”Lønnsomhetsundersøkelse for fiskeflåten”. Undersøkinga er basert på rekneskap frå eigarane av eit utval slike fartøy. Undersøkinga er gjennomført etter ein utvals- og estimeringsmetode utarbeida av Statistisk sentralbyrå. Lønsemdsundersøkinga har sidan 2004-undersøkinga vorte gjennomført fullt ut i regi av Fiskeridirektoratet og er ei vidareføring av dei årlege lønsemdsundersøkingane publiserte av Budsjettnemnda for fiskerieringa sidan 1966.

1.2. Brukarar og bruksområde

Hovudføremålet for innsamling av fangstdata er å skaffe dei opplysningane som er naudsynte for å sikre ei bærekraftig forvaltning av dei levande marine ressursane gjennom ressurskontroll, kvotekontroll og ein fiskeristatistikk av god kvalitet.

Materialet dannar grunnlag for utredningsarbeid i samband med reguleringar i fisket, strategianalysar, analyser av strukturen i fiskeflåten og utgreiing av næringsøkonomiske konsekvensar av forvaltningstiltak. Det dannar også grunnlag for oppfylling av Noreg sine internasjonale rapporteringsplikter.

Bestands- og fangsttal blir nytta når dei ulike landa kvart år skal inngå avtaler om kvoter og fangstreguleringar, medan forskarar brukar statistikken til å vurdere bestandsutviklinga.

Fiskeristatistikken inngår også som grunnlag i nasjonalrekneskapen, som er eit viktig informasjonsgrunnlag for analyse av den økonomiske utviklinga i Noreg.

I samband med lønsemdsundersøkinga har Fiskeridirektoratet oppretta ei referansegruppe. Denne skal ivareta ulike brukarars behov for informasjon som er relevant og av høg kvalitet. Referansegruppa får rådgivande myndigheit når det gjeld presentasjonsform, innhald og metodikk i undersøkinga.

Statistikken i denne publikasjonen er elles til nytte for offentlege myndigheiter, for forskingsinstitusjonar og studentar, media, finansanalytikar, interesseorganisasjonar og nasjonale og internasjonale organisasjonar.

2. Fiskarar og fartøy

2.1. Hovudresultat

Det blir stadig færre fiskarar. Sidan 2000 er det dei med fiske som attåtyrke som har gått mest tilbake.

I 2007 stod 13 242 personar i Fiskarmanntalet, medan det i 1992 var over det dobbelte. Nedgangen frå 2006 var på 5 prosent. Av dei som stod i Fiskarmanntalet, hadde nærare 80 prosent fiske som hovudyrke. Nordland og Møre og Romsdal er dei fylka med flest fiskarar.

Talet på fiskefartøy går òg nedover. Den store nedgangen dei siste åra skuldast fleire årsaker. Fiskeridirektoratet har gjennomført fleire runder med kvalitetssikring av Merkeregisteret, og i 2004 blei det innført eit årleg gebyr for å stå i Merkeregisteret. I 2003 blei det òg sett i gang ei kondemneringsordning for mindre kystfiskefartøy med deltakaradgangar i lukka fiskeri. Strukturordninga blant dei større kystfiskefartøya og havfiskeflåten er òg ei viktig årsak.

I 2007 stod 7 039 fartøy oppførte i Merkeregisteret. Dette er 3,6 prosent færre enn året før. Det blei bygd 61 nye fartøy i 2007. 4 054 av fartøya, dvs. 56 prosent av totalen, er under 10 meter. Nordland er fylket med flest fartøy, 1 792 i alt, medan Møre og Romsdal har klart flest fartøy i klassa 28 meter og over. Det er gitt i alt 613 trål- og ringnot konsesjonar, og desse er fordelt på 333 fartøy i Merkeregisteret. Hordaland er fylket med flest konsesjonar.

2.2. Om produksjon av statistikken

Omfang Statistikken omfattar alle fiskarar som står i Fiskarmanntalet. Fiskarmanntalet sikrar registrering av alle i Noreg som driv inntektsgjevande fiske eller fangst i havet. Kvar fiskar blir registrert med fiske som enten hovudyrke (blad B) eller attåtyrke (blad A).

Statistikken omfattar alle fartøy som står oppført i Merkeregisteret.

Datakjelder Kjelder er Fiskarmanntalet, Merkeregisteret og Konsesjons- og deltakarregisteret. Det er Fiskeridirektoratet som har ansvaret for desse registra.

Fiskeridirektoratet sine regionkontor har no ansvar for føring av manntalet i første instans. Den som søker opptak/overflytting i manntalet, må fylle ut eit søknadsskjema som blir handsama av manntalsførar.

Alle fartøy som blir nytta til inntektsgjevande fiske, skal vere med i Merkeregisteret som blir ført av Fiskeridirektoratet. Eigaren har plikt til å melde fartøyet inn i registeret ved kjøp og melde det ut ved sal, kondemnering eller når fartøyet går inn i annan verksemd enn fiske.

Datainnsamling Registra blir fortløpande oppdaterte. Statistisk sentralbyrå får tala, som gjeld per 31. desember det enkelte år, frå Fiskeridirektoratet. Fiskarmanntalet og Merkeregisteret ligg òg tilgjengeleg på Fiskeridirektoratet sine sider på Internett.

Kontroll og revisjon Kontroll og revisjon av datamaterialet blir gjort i Fiskeridirektoratet, som legg stor vekt på å kvalitetssikre registra. Frå og med 1. mars 2003 blei ansvaret for å vedlikehalde informasjonen i Merkeregisteret og Konsesjons- og deltakarregisteret delegert til Fiskeridirektoratet sine regionkontor. Frå dette tidspunkt har regionkontora hovudansvaret for all sakshandsaming knytte til fartøy, eigar og deltakaradgangar.

2.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

Definisjonar *Fiskar* omfattar personar som driv fiske eller fangst i havet og som står i Fiskarmanntalet. Medrekna er også mannskap på fiskefartøy sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuartar og maskinistar.

Hovudyrke. For å stå i blad B må ein person ha minst 20 veker med fullt arbeid i fiske eller fangst samt ei skattbar inntekt av fiske og fangst minst svarande til folketrygda sitt grunnbeløp. Personar som har full alderspensjon, kan ikkje stå på blad B. Ein person kan ikkje stå i blad B dersom inntekter frå annan verksemd utgjer meir enn tre gongar folketrygda sitt grunnbeløp. I tillegg må inntekt frå fiske utgjere minst 2/3 av samla inntekt.

Attåtyrke. For personar som er registrert i blad A er det krav om at personen driv fiske og at skattbar inntekt frå fiske utgjer minst halvparten av folketrygda sitt grunnbeløp. Dersom inntekter frå annan verksamd utgjer meir enn fire gongar folketrygdas grunnbeløp, kan ein ikkje stå i blad A.

Fartøy grupperast etter si største lengd. Tidlegare blei ofte berre kjenningslengda oppgitt som lengde på mindre fartøy. I slike tilfelle blei den oppgitte lengda omrekna til største lengd.

2.4. Feilkjelder og uvisse

Måle- og handsamingsfeil Informasjonen frå Fiskarmanntalet er ei rein opteljing per 31. desember kvart år. Det same gjeld Merkeregisteret. Opplysningane om fiskefartøy med konsesjonar og årlege deltakaradgangar er ei samkøying av opplysningar frå Merkeregisteret med Konsesjons- og deltakarregisteret.

Delegasjon av vedlikehaldet av Merkeregisteret og Konsesjons- og deltakarregisteret til Fiskeridirektoratet sine regionkontor har sidan 2003 redusert tidlegare års etterslep i registrering av ny informasjon.

2.5. Samanlikningar og samanheng

Samanlikningar over tid og stad Utvalet av tabellar er endra i forhold til tidlegare år, men datagrunnlaget er det same.


Tal fiskarar og fiskefartøy er òg publisert i Statistisk sentralbyrå sine publikasjonar NOS Historisk statistikk 1978 og 1994, med tidsseriar heilt tilbake til 1870.

Samanheng med annan statistikk Fram til 1977 var det Fiskeridirektoratet som publiserte tal frå fiskeria. Statistisk sentralbyrå overtok ansvaret frå og med 1977 under namnet NOS Fiskeristatistikk.

Fiskeridirektoratet publiserer historiske tidsseriar over fiskarar, fartøy og konsesjonar/deltakaradgangar på sine nettsider: <http://www.fiskeridir.no/fiskeridir/statistikk/fiskeri/fiskere-fartoe-y-og-tillatelser>

Statistikkavdelinga i Fiskeridirektoratet presenterer òg årlege statistiske oversikter over utviklinga i talet på fiskarar, fiskefartøy og konsesjonar/deltakaradgangar i publikasjonen ”Fiskefartøy og fiskarar, konsesjonar og årlege deltakaradgangar”.

Figur 2.1. Fiskarar, etter fiske som leveveg og fylke. 2007



Kjelde: Fiskeridirektoratet.

2.1. Fiskarar, etter fiske som leveveg. 1983-2007

	Fiskarar i alt		Hovudyrke		Attåtårke	
1983	28 304		22 455		5 849	
1984	29 632		22 864		6 768	
1985	29 566		22 465		7 101	
1986	29 981		22 619		7 362	
1987	29 915		22 622		7 293	
1988	29 350		22 048		7 302	
1989	28 655		21 448		7 207	
1990	27 518		20 475		7 043	
1991	26 966		20 003		6 963	
1992	26 752		19 779		6 973	
1993	25 396		19 072		6 324	
1994	22 920		16 442		6 478	
1995	23 653		17 160		6 493	
1996	23 397		17 087		6 310	
1997	22 916		16 661		6 255	
1998	21 298		15 141		6 157	
1999	21 273		15 328		5 945	
2000	20 075		14 264		5 811	
2001	18 899		13 679		5 220	
2002	18 501		13 851		4 650	
2003 ¹	17 156		13 190		3 966	
2004 ¹	15 489		12 574		2 915	
2005 ¹	14 626		11 692		2 934	
2006	13 932		11 060		2 872	
2007	13 242		10 575		2 667	

¹ Revisjon av Fiskarmanntalet har medført endringar i tidlegare publisert statistikk for åra 2003-2005.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

2.2. Fiskarar¹, etter fiske som leveveg og fylke. 2006-2007

	Fiskarar i alt		Hovudyrke		Attåtårke	
	2006	2007	2006	2007	2006	2007
I alt	13 932	13 242	11 060	10 575	2 872	2 667
Østfold	181	150	118	111	63	39
Akershus	27	21	23	18	4	3
Oslo	36	44	28	35	8	9
Hedmark	20	16	20	16	-	-
Oppland	13	11	12	9	1	2
Buskerud	16	10	15	8	1	2
Vestfold	85	82	64	60	21	22
Telemark	72	67	50	46	22	21
Aust-Agder	148	120	97	87	51	33
Vest-Agder	369	328	229	209	140	119
Rogaland	613	557	441	409	172	148
Hordaland	1 037	978	915	855	122	123
Sogn og Fjordane	807	778	629	608	178	170
Møre og Romsdal	2 807	2 700	2 438	2 320	369	380
Sør-Trøndelag	495	507	366	380	129	127
Nord-Trøndelag	302	317	220	233	82	84
Nordland	3 372	3 183	2 802	2 651	570	532
Troms Romsa	2 184	2 090	1 555	1 526	629	564
Finmark Finnmárku	1 348	1 283	1 038	994	310	289

¹ Revisjon av Fiskarmanntalet har medført endringar i tidlegare publisert statistikk for 2005.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

2.3. Registrerte fiskefartøy, etter fylke. 1997-2007

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004 ¹	2005 ¹	2006	2007
I alt	13 635	13 248	13 196	13 017	11 922	10 640	9 914	8 188	7 722	7 305	7 039
Østfold	202	203	196	189	186	146	141	120	121	118	115
Akershus	35	35	37	36	28	20	21	16	13	12	12
Oslo	15	17	15	14	16	10	9	5	3	2	6
Hedmark	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
Oppland	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
Buskerud	21	20	18	10	9	7	8	4	5	5	4
Vestfold	153	162	141	141	132	93	91	69	64	59	60
Telemark	101	103	104	97	92	83	86	75	75	62	60
Aust-Agder	221	226	233	196	174	142	141	118	110	103	102
Vest-Agder	561	563	559	454	432	351	343	274	252	237	241
Rogaland	623	619	607	611	492	489	492	426	398	375	352
Hordaland	848	700	717	764	742	680	675	543	526	503	493
Sogn og Fjordane	759	744	745	715	648	553	506	401	363	336	315
Møre og Romsdal	1 571	1 522	1 499	1 471	1 389	1 171	1 127	949	883	814	769
Sør-Trøndelag	499	505	488	463	374	365	348	298	293	307	307
Nord-Trøndelag	436	406	422	453	449	335	324	216	199	198	196
Nordland	3 437	3 332	3 342	3 342	3 191	2 729	2 528	2 127	2 010	1 884	1 792
Troms Romsa	2 471	2 392	2 406	2 376	1 982	1 845	1 706	1 391	1 301	1 240	1 199
Finnmark Finnmarku	1 682	1 699	1 667	1 685	1 586	1 621	1 368	1 156	1 106	1 048	1 016

¹ Revisjon av merkeregisteret har medført endringer i tidlegare publisert statistikk.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

2.4. Registrerte fiskefartøy, etter lengd og fylke. 2007

	Fartøy ialt	Under 10 meter	10-14,9 meter	15-20,9 meter	21-27,9 meter	28 meter og over
I alt	7 039	4 054	2 226	290	237	232
Østfold	115	74	38	2	1	-
Akershus	12	10	2	-	-	-
Oslo	6	1	5	-	-	-
Hedmark	-	-	1	-	-	-
Oppland	-	-	-	-	-	-
Buskerud	4	2	2	-	-	-
Vestfold	60	36	24	-	-	-
Telemark	60	40	20	-	-	-
Aust-Agder	102	72	25	3	2	-
Vest-Agder	241	162	56	12	10	1
Rogaland	352	205	99	15	14	19
Hordaland	493	282	132	13	17	49
Sogn og Fjordane	315	161	92	12	26	24
Møre og Romsdal	769	420	221	18	34	76
Sør-Trøndelag	307	178	118	4	5	2
Nord-Trøndelag	196	122	64	5	4	1
Nordland	1 792	909	650	125	80	28
Troms Romsa	1 199	772	341	51	20	15
Finnmark Finnmarku	1 016	608	337	30	24	17

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

2.5. Fiskefartøy, etter byggjeår og fylke. 2007

Fartøy i alt	Etter byggjeår							
	Før 1970	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2006	2007	Uoppgitt	
I alt	7 041	990	1 945	2 567	819	659	61	12
Østfold	115	22	21	39	21	10	2	0
Akershus	12	1	3	5	1	2	0	0
Oslo	6	1	0	1	2	0	2	0
Hedmark	0	0	0	0	0	0	0	0
Oppland	0	0	0	0	0	0	0	0
Buskerud	4	3	0	0	0	1	0	0
Vestfold	60	5	9	23	11	9	3	0
Telemark	60	6	13	22	11	7	0	1
Aust-Agder	102	10	22	40	18	12	0	0
Vest-Agder	241	33	35	80	51	39	2	1
Rogaland	352	58	101	115	38	37	1	2
Hordaland	493	70	106	160	67	83	5	2
Sogn og Fjordane	315	40	62	145	45	20	3	0
Møre og Romsdal	769	93	233	264	105	69	5	0
Sør-Trøndelag	307	37	98	100	39	27	5	1
Nord-Trøndelag	196	31	58	66	19	22	0	0
Nordland	1 792	289	526	635	174	154	12	2
Troms Romsa	1 200	150	339	505	99	91	14	2
Finnmark Finnmarku	1 017	129	319	367	118	76	7	1

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

2.6. Tal konsesjonar og deltakande fartøy, etter fylke. 2007

Fylke	Konsesjonar											Anna ²	Del- takande fartøyr ¹ I alt
	I alt	Ring- not	Kol- muletrål	Industri- trål	Norsk vår- gytande sild	Makrell- trål	Lodde- trål	Torske- trål	Reke- trål	Seitrål	Nordsjø trål ³		
2006	625	84	45	40	45	36	98	51	74	7	147(90)	37	344
2007	613	83	46	39	43	36	99	48	69	8	105(90)	37	330
2007													
Østlandet/Agder	68	-	-	1	5	5	8	-	-	-	49(44)	-	51
Rogaland	92	2	-	13	15	12	19	-	1	-	29(26)	1	45
Hordaland	135	36	25	12	13	11	19	-	2	-	14(10)	3	63
Sogn og Fjordane	15	3	-	-	1	1	2	-	3	1	1(1)	2	8
Møre og Romsdal	124	21	15	9	9	7	11	15	18	7	4(2)	8	59
Sør-Trøndelag	7	2	1	-	-	-	2	-	-	-	-	2	3
Nord-Trøndelag	5	1	1	-	-	-	1	-	-	-	-	2	2
Nordland	81	11	3	2	-	-	16	12	21	-	4(4)	12	49
Troms Romsa	48	5	1	1	-	-	16	8	15	-	2(1)	-	29
Finmark Finnmarku	38	2	-	-	-	-	5	13	9	-	2(2)	7	24

¹ Enkelte fartøy kan ha fleire tilleggskonsesjonar. ² Seisnurp, snurrevad, vassildtrål og flatfisk løyve. ³ Tal i parentes viser tal på avgrensa nordsjøtrål.
Kjelde: Fiskeridirektoratet.

3. Bestandar

3.1. Hovudresultat

Dei norske fiskebestandane kan delast inn i tre viktige område: Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen/Skagerrak. I Barentshavet står det bra til med dei fleste av dei viktige bestandane, men uregistrert fiske etter torsk blir sett på som eit problem og bestandane av lodde og uer har vanskar. I Norskehavet er alle dei store pelagiske fiskebestandane i god forfatning, medan mange av bestandane i Nordsjøen/Skagerrak slit med rekrutteringa.

Revisjon av bestandstala har medført endringar i tidlegare publisert statistikk for åra 1950-2006.

Totalbestanden av nordaustarktisk *torsk* auka til 2,4 millionar tonn i 1993, etter at 1980-åra blei prega av sterkt utnytting av bestanden (sjå figur 3.1) Fram mot 1999 gjekk bestanden ned, men har tatt seg opp att dei siste åra. I byrjinga av 2007 blei bestanden anslått til å vere 1,8 millionar tonn. Gytebestanden i 2007 var rekna til litt over 600 000 tonn. Tidlegare kjønnsmogning har vore ei viktig årsak til auken i gytebiomasse. Den kritiske verdien for gytebestanden (B lim) er 220 000 tonn, medan føre-var-grensa for gytebestanden (B pa) er 460 000 tonn. Bestanden vart rekna for å ha god reproduksjonsevne, men at den blei utnytta for mykje.

Bestanden av nordaustarktisk *hyse* auka frå over 60 000 tonn i 1984 til 326 000 tonn i 1986 (sjå figur 3.2). Etter 1986 gjekk bestanden ned i nokre år, men auka så mykje fram til 1994 (om lag 550 000 tonn). Berekningane for bestanden i 2007 vart sett til å vere om lag 630 000 tonn, med ein gytebestand på 277 000 tonn. Hysebestanden var difor i god forfatning.

Nordaustarktisk *sei* hadde i 2007 ein gytebestand på 834 000 tonn (sjå figur 3.3). Kritisk verdi for gytebestanden (B lim) var 136 000 tonn, medan føre-var-grensa for gytebestanden (B pa) er 220 000 tonn. Bestanden vart rekna for å vere i god forfatning i 2007.

Utviklinga for bestanden av norsk vårgytande *sild* er vist i figur 3.4. Variasjonen kjem delvis av overfiske, men også av naturlege årsaker. I 1987 blei hovudtyngda av den talrike 1983-årsklassen kjønnsmoden, og gytebestanden auka frå om lag 900 000 tonn i 1987 til 2,7 millionar tonn i 1988. Gytebestanden i 2007 blei rekna til 11,6 millionar tonn. Framtidsutsiktene for bestanden kan synast gode, blant anna grunna den gode 2002-årsklassen. Kritisk verdi for gytebestanden (B lim) er 2,5 millionar tonn, medan føre-var-grensa for gytebestanden (B pa) er 5 millionar tonn i 2007.

Loddebestanden i Barentshavet har hatt store variasjonar sidan midten av 80-talet, delvis på grunn av fiske, men også av naturlege årsaker. Bestandsstorleiken av eitt år gamal og eldre *lodde* hausten 2007 blei rekna til i underkant av 2 millionar tonn. Gytebestanden er rekna til 189 000 tonn medan den kritiske verdien for gytebestanden (B lim) er sett til 200 000 tonn. Det er difor fortsatt for låge bestandstal sjølv om 2007 syner betre resultat enn dei to førre periodane (sjå figur 3.5). Årsaka til liten bestand kjem ikkje fysisst og fremst av fiske, men av predatorar som bla. ungsild og torsk.

Gytebestanden av *kolmule* var på sitt største historisk sett i 2003, men har sidan gått ned (sjå figur 3.6). Dette kjem først og fremst av overfiske. Fram til og med 2004 var det fritt fiske etter kolmule, men i 2005 blei det innført kvotar. Gytebestanden blei i 2007 rekna til 4,9 millionar tonn. Kritisk verdi for gytebestanden (B lim) er 1,5 millionar tonn, medan føre-var-grensa for gytebestanden (B pa) er 2,25 millionar tonn. Gytebestanden vil etter kvart vere i fare, sidan fisket blir rekna å vere høgare enn bestanden tåler.

3.2. Om produksjon av statistikken

<i>Omfang</i>	Statistikken omfattar eit utval viktige bestandar i Noregs havområde. Desse artane er nordaustarktisk torsk, nordaustarktisk hyse, nordaustarktisk sei, norsk vårgytande sild, lodde og kolmule. Både totalbestand og gytebestand blir omtala. Det same blir kritisk verdi og føre-var-grensa for gytebestanden.
<i>Datakjelder</i>	Tala kjem frå Havforskningsinstituttet og the International Council for the Exploration of the Sea (ICES). I ICES er det arbeidsgrupper som kvart år kjem saman for å vurdere tilstanden. Det blir utarbeidd grupperapportar som mellom anna gir oversikter over utviklinga i bestandane. Arbeidsgruppene rapporterer i ICES sin Rådgivande komité for fiskeriforvaltning (ACFM). Havforskningsinstituttet gir årleg ut sin rapport <i>Havets ressurser og miljø</i> , der dei tek føre seg dei viktigaste bestandane.
<i>Berekingar</i>	Både toktmålingar, fangststatistikk og biologisk prøvetaking av fangstar dannar grunnlaget for bestandsberekingar av nordaustarktisk <i>torsk</i> , <i>hyse</i> og <i>sei</i> . Desse tala blir også nytta av ICES og Havforskningsinstituttet i deira bestandsmodellar ved fastsetjing av kvotane. Havforskningsinstituttet gjennomfører årlege tokt på overvintringsområda for norsk vårgytande <i>sild</i> . Målingane blir gjort med trålhal og ekkolodd. Totalbestanden av <i>lodde</i> blir målt akustisk kvar haust. Toktet dekkjer heile Barentshavet og tilstøytande område. Bestandsestimat frå hausttoktet blir brukt direkte som mål for bestandsstorleiken, og prognosar og kvotetilrådingar blir rekna ut ved hjelp av modellar. Bereking av kolmule blir gjort på grunnlag av mange tokt. Desse tokta er baserte på akustiske metodar.

3.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

<i>Definisjonar</i>	<i>B lim</i> er kritisk verdi for gytebestanden. Fell gytebestanden under dette nivået, er det stor risiko for at bestanden vil bli påverka av dårleg rekruttering. <i>B pa</i> er føre-var-grensa for gytebestanden. Denne grensa er sett for å vere på den sikre sida (pga uvisse i målingane), slik at ikkje gytebestanden fell ned eller under den kritiske verdien. Desse grensene har vore uendra dei siste åra.
---------------------	---

3.4. Feilkjelder og uvisse

<i>Måle- og handsamingsfeil</i>	Modellane som blir brukt ved bestandsberekingar er avanserte og tek mellom anna omsyn til bla. dødelegheit, vekst, kjønnsmogning, predatorar og temperatur. Det kan difor vere vanskeleg å ha full oversikt over alle teoriane som analysane byggjer på. Det er også problem med berekingane på fleire viktige bestandar pga. varierende kvalitet på fangststatistikken. Utkast og uregistret fiske er hovudårsaker til dette.
---------------------------------	---


3.5. Samanlikningar og samanheng

<i>Samanlikningar over tid og stad</i>	Tal på bestandsstorleiken blei første gong teke med i NOS Fiskeristatistikk 1983. Utvalet av figurar er endra frå tidlegare år, men datagrunnlaget er det same. Det er bla. teke med omtale og figur av kolmulebestanden i denne utgåva.
<i>Samanheng med annan statistikk</i>	ICES sine arbeidsgrupper for bestandar legg ut ulike rapportar på sine heimesider, der dei gjer greie for tilstanden og råd for korleis bestandane bør forvaltast. Rapportane dekkjer om lag 135 bestandar, og er å finne på: http://www.ices.dk/advice/fishstocks.asp

Havforskningsinstituttet gir ut *Havets ressurser og miljø*, ein tilstandsrapport for norske havområde. Denne er å finne på:
http://www.imr.no/publikasjoner/andre_publicasjoner/havets_ressurser_og_miljo
 Denne rapporten blir også nytta i mange av ICES sine rapportar om ulike bestandar.


Dei same tala er også teke med i Statistisk sentralbyrå sin publikasjon *Naturressursar og miljø*: http://www.ssb.no/emner/01/sa_nrm/

Figur 3.1. Nordaustarktisk torsk. Totalbestand og gytebestand. 1950-2007. 1 000 tonn




Kjelde: Havforskningsinstituttet og ICES.


Figur 3.2. Nordaustarktisk hyse. Totalbestand og gytebestand. 1950-2007. 1 000 tonn




Kjelde: Havforskningsinstituttet og ICES.

Figur 3.3. Nordaustarktisk sei. Totalbestand og gytebestand. 1960-2007. 1 000 tonn


Kjelde: Havforskningsinstituttet og ICES.

Figur 3.4. Gytebestand for norsk vårgytande sild. 1950-2007. 1 000 tonn

Kjelde: Havforskningsinstituttet og ICES.

Figur 3.5 Bestand av lodde i Barentshavet (eitt år gammel og eldre fisk). 1972-2007. 1 000 tonn

Kjelde: Havforskningsinstituttet og ICES.

Figur 3.6. Gytebestand av kolmule. 1981-2007. 1 000 tonn

Kjelde: Havforskningsinstituttet og ICES.

4. Fangst

4.1. Hovudresultat

Det blei fanga om lag 2,4 millionar tonn fisk, skaldyr og blautdyr i 2007. Dette er nesten 6 prosent meir enn i 2006. Fangstverdien var på 12 milliardar kroner, ein liten auke frå året før. I mengd blei det fanga klart mest pelagisk fisk, medan torsk og torskearta fisk hadde den høgaste verdien. Torsken åleine var verd 3,7 milliardar kroner, medan silda var verd 2,2 milliardar.

Sjølv om fangstmengda har gått ned dei seinare åra, har verdien med unntak for 2003 vore stabil. Det betyr at den generelle gjennomsnittsprisen har auka i same periode. Ser ein på gjennomsnittsprisen for somme artar har den auka for viktige artar som torsk, hyse, sei, kolmule og reke. Den same prisutviklinga har vore for sild og makrell, men for desse to artane gjekk gjennomsnittsprisen ned i perioden 2005 til 2007.

Framleis går nærare 70 prosent av fangstmengda til konsum, medan resten går til produksjon av mjøl og olje. Den viktigaste konsumfisken er sild målt i mengd og torsk målt i verdi, medan kolmule er den viktigaste industrifisken. Mesteparten av den totale fangsten blir teke med trål og nôt.

Den største fangsten vart teke opp i dei nordlege havområda i Norskehavet, Barentshavet og Svalbard. Elles fordelte fangstmengda seg jamt over resten av fangstområda. Når det gjeld *verdi* ligg den største fangstverdien naturleg nok òg i dei nordlege havområda, og langs norskekysten i same område. Som ilandføringsfylke, toppar Møre og Romsdal føre Nordland i fangstverdi. Det er Noregs Sildesalslag som er det største salslaget i mengd ilandført fisk, medan Noregs Råfisklag er størst rekna i førstehandsverdi.

Det blei fanga 13 980 sel i 2007, om lag 3 057 færre enn i 2006. Når det gjeld kval, blei det fanga 597 dyr, som er 57 fleire enn året før.

Utanlandske fiskefartøy førte i land 284 000 tonn fisk og andre artar i Noreg i 2007. Dette er 69 000 tonn meir enn året før. Det blei levert meir av dei fleste fangstartane (alle unnateke flatfisk). Verdien låg på nesten 2,1 milliardar kroner. Russiske fartøy leverte 128 000 tonn, for det meste torsk og torskearta fisk. Færøyane leverte 66 530 tonn, og det var nesten utelukkande pelagisk fisk.

Verdsfangsten av fisk målt i mengd endrar seg lite frå år til år. Totalproduksjonen i 2007 var på 92 millionar tonn, om lag 2 millionar mindre enn i 2006. Kina dominerar stort med 17 millionar tonn, medan Noreg ligg på 11. plass med 2,3 millionar tonn. Om lag 77 prosent av verdsfangsten går til menneskeføde.

4.2. Om produksjon av statistikken

Omfang Statistikken omfattar all fangst frå sjøfisket levert i Noreg eller i utlandet av norskregistrerte fartøy og fangst frå sjøfisket levert i Noreg av utanlandske fartøy. Unntak frå dette er sel og kvalfangst, tang og tare og ikkje-registrert omsetning av fisk. Fangst av oppdrettsfisk omsett gjennom fiskesalslaga og fiske til eige bruk er ikkje med.

*Datakjelder,
datainnsamling, kontroll og
revisjon*

Fiskeridirektoratet produserer fangststatistikk primært på grunnlag av opplysningar frå dei godkjende fiskesalslaga. Etter Råfisklova har desse salslaga einereitt til omsetning på første hand av spesifiserte artar. Dette gjeld artar (fisk og dyr) som blir fanga i sjøen av norske fartøy og omsett på første hand både i Noreg og ved direkte levering i utlandet. Laks, sjøaure og sel er unntatt frå salslaga sin einereitt. Einereitten gjeld òg alt sal av fisk som kjem rett frå havet og vert omsett i Noreg av utanlandske fartøy.

Ved sal av fangsten blir han vege og det blir fylt ut eit juridisk dokument, kalla sluttsetel, som blir underteikna av fiskar og kjøpar. Sluttsetelen gir mengd og verdi av dei leverte fiskeslaga, i tillegg til ein del andre opplysningar om fangsten og fartøyet. Dette gjeld m.a. reiskap, fangstområde, leveringsstad, bruken av fangsten og registreringsmerke til fartøyet. Ved avrekning til fiskar leverer salslaga desse opplysningane elektronisk til Fiskeridirektoratet som bruker dei i produksjonen av fangststatistikk. I tillegg blir det nytta tal frå Statistisk sentralbyrå sin statistikk over lakse- og sjøaufisket og materiale frå nokre andre mindre kjelder. Oppgåvene frå laga omfattar òg norske fangstar som blir leverte direkte i utlandet.

Nemninga ”sal utanfor salslaga” (eller ”fangst registrert på annan måte”) refererer til fangst av fisk som ikkje er omsett gjennom salslaga av følgjande årsaker:

- a) Arten er ikkje lagt under eineretten til salslaga. Slike artar kan ein frivillig selje gjennom eit salslag. For fangst som ikkje blir omsett gjennom eit salslag, hentar Fiskeridirektoratet inn oppgåver ved innbetaling av produktavgift.
- b) Arten er lagt under eineretten til salslaget, men fangsten kan ikkje gjerast opp av salslaget på grunn av forhold som gjeld rekneskap og garantiar.
- c) Fangsten ligg på lager, og omsetninga har ikkje funne stad på tidspunktet for endeleg statistikkproduksjon. Frå 2004 skal denne fangsten registrerast gjennom salslaga på landingssetlar. Landingssetlar vert fylte ut når fangsten settes på land men omsetninga utsettes til eit seinare tidspunkt. Fram til 2003 blei fangsten bokført som omsett utanom salslaga for å sikre at ressursuttaket blir registrert i fangståret. Verdien vert estimert.
- d) Fangsten er omsett ulovleg og blir oppdaga ved kontrollinspeksjonar, eller ved informasjon frå styresmaktane i andre land. Også denne fangsten kan seinare bli registrert via salslaga.
- e) Kontrollrutinar sikrar at fangst som er registrert under desse kategoriane, ikkje blir registrert dobbelt, sjølv om omsetninga blir bokført gjennom salslaga på eit seinare tidspunkt.
- f) Salslaga gjev oppgåver over ilandført fangst frå utanlandske fiskefartøy, men desse fangstane er ikkje med i dei ordinære tabellane. Dei blir i staden presenterte i eigne tabellar.

Fangstdagbøker

Alle fartøy over 21 meter største lengd er pålagde å føra fangstdagbok. For trålfisket etter torsk og torskearta fisk, rekefisket og for småkvalfangsten vert det utarbeida statistikk i Fiskeridirektoratet på grunnlag av fangstdagbøkene. Fangstmengda i rundvekt i fangstdagbøkene vert berekna av fiskar.

Ein omfattande kontroll og revisjon av datamaterialet vert gjort i Fiskeridirektoratet. Sluttsetelen har berre eit felt for fangstområde. Når eit fartøy fiskar i fleire sonar skal det fyllast ut ein sluttsetel for fangst frå kvar sone. Det er naudsynt å samanlikne fordelinga av fangst på område frå fangstdagbok og slutsetlar. Fangstdagbøker frå konsum- og rekefiskeriar vert nytta som mal for fordelinga av fangsten på område for kvar einskilde trålar, for å få fram ein meir korrekt områdefordeling til bruk i offisiell statistikk.

Når Fiskeridirektoratet er ferdig med kontroll og revisjon, reknar dei materialet for å vere ferdig kvalitetssikra per denne dato. Statistisk sentralbyrå mottok så alle data elektronisk frå Fiskeridirektoratet, som eit situasjonsuttak frå sluttseteldatabasen per oktober året etter fangståret. Etter at data er motteke blir det utført enkle kontrollar for å sjekke at alt materiale er med, før det vidare blir behandla og framstilt i form av tabellar og figurar. Sjølv om data blir rekna for å vere ferdig kvalitetssikra for statistisk føremål, blir sluttseteldatabasen i Fiskeridirektoratet kontinuerleg oppdatert dersom nye tal kjem inn, eller det blir gjort endringar i talmaterialet. Desse endringane er som regel små og har lite å seie for kvaliteten på statistikken.

Yearbook of Fishery Statistics

Denne publikasjonen, gitt ut av FAO (Food and Agriculture Organization of the United Nations), gir hovudtala for fiskeria i alle land. Fangsttala i publikasjonen omfattar òg innlandsfiske, fiskeoppdrett og fiske til eige bruk, sjå www.fao.org

Berekingar Før oversending av data til Statistisk sentralbyrå blir all fangstmengd rekna om til rund vekt ved hjelp av omrekningsfaktorar.

4.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

Definisjonar Frå og med 1977 er fangstmengdene ført opp i *rund vekt*. Rund vekt er vekta av fisken slik den er fanga. I offisiell statistikk refererer fangstmengd til FAO sitt fangstomgrep *nominal catch*. Nominal catch blir definert som landa vekt rekna om med ein offisiell omrekningsfaktor for det aktuelle produktet. Slik kan ein berekne eit kvantum som svarar til den levande vekta til fisken. På norsk blir dette kalla for rund vekt.

Korleis fisken blir tilverka om bord på fiskefartøyet avgjer kva slags tilstand fisken har ved landing. Fisken blir vege ved landinga. Vekta av fisk som blir levert sløgd med eller utan hovud, som filet, saltfisk og liknande blir rekna om til rund vekt med tilhøyrande omrekningsfaktor. Faktorane vil variere etter ulike fiskeslag og produkttilstandar (sjå vedlegg B, omrekningsfaktorar). Fullstendig oversikt over omrekningsfaktorar finn ein i publikasjonen "Norske omrekningsfaktorar for omrekning av landa mengd av marin fisk og andre marine artar til mengd i levende vekt." (Fiskeridirektoratet).

Etter internasjonale spesifikasjonar skal kvantumsestimat for fisk som blir kasta på sjøen (utkast), ikkje reknast med i den offisielle fangststatistikken.

Ordet *fangst* blir i Noreg ofte brukt utan å gi noko nærare definisjon. Ved føring av fangstdagbok tyder fangst estimert kvantum i rund vekt. Dette gjeld frå og med 1990. For ein nærare definisjon viser vi til FAO Yearbook of Fishery Statistics (Catch concepts: Diagrammatic presentation).

Fangstverdi er summen fiskaren får utbetalt for fangsten. I denne summen er lagsavgifta trekt frå, medan produktavgifta ikkje er trekt frå. Alle pris- og frakttilskott er lagde til. Sikringstrekk og meirverdiavgift er ikkje rekna med.

Pelagisk betyr at det lever i dei frie vassmassane.

Avklaring av kvoteomgrepa

I forhandlingane med andre land, i tilfelle der det er snakk om fellesbestandar, blir det først fastsett ein *totalkvote* (TAC) som blir fordelt mellom dei aktuelle avtalepartane etter avtalte fordelingsnøklar.

I forhandlingane mellom Noreg og Russland blir det i fellesskap fastsett ein TAC for dei artane som dei to landa forvaltar saman; dvs. norsk-arktisk torsk, norsk arktisk hyse og lodde. Noreg og Russland blir samde om den del av totalkvoten som skal setjast av til tredjeland, dvs. land som ikkje er med i forhandlingane. Deretter blir kvoten delt mellom Noreg og Russland. Forhandlingane kan vidare gi overføringar av kvotar mellom partane. Sluttresultatet av desse forhandlingane blir kalla *nasjonal kvote*. I perioden frå tidleg på 1990-talet til og med 2000 kjøpte private norske reiarlag kvotar av torsk og hyse frå Russland. Dette kvantumet kom som fråtrekk av russisk nasjonal kvote, og eventuelt som tillegg til norsk nasjonal kvote.

I forhandlingane med EU om fellesbestandane blir det ikkje avsett kvotar til tredjeland, men totalkvoten blir først fordelt mellom partane. Dernest blir det ofte for einskilde bestandar avtalt overføringar mellom partane. Sluttresultatet frå desse forhandlingane blir Noreg sin nasjonale kvote. Tildelingar til tredjeland skjer i

desse tilfella i eigne forhandlingar med tredjeland, t.d. mellom Noreg og Færøyane, ved at den nasjonale kvoten blir redusert med så stort kvantum som den kvoten Færøyane blir tildelt.

Nasjonal disponibel kvote er den kvoten som norske fiskarar disponerer etter at det er tatt omsyn til alle overføringar og eventuelle kjøp og sal av kvotar til andre nasjonar. Det er denne kvoten som må nyttast i samband med samanlikninga av kvotar og fangst, for t.d. å vurdere eit land si utnytting av kvoten.

Nærare informasjon om kvoteavtalar med andre land, vil ein finne i den årlege stortingsmeldinga "Om dei fiskeriavtalane Noreg har gjort med andre land."

Standard klassifikasjonar Standard namnsetting og gruppering av fangstartar, internasjonale fangstområde og omrekningsfaktorar går fram av vedlegga.

4.4. Feilkjelder og uvisse

Måle- og handsamingsfeil Statistikken byggjer på eit juridisk dokument, sluttsetel, som blir fylt ut ved omsetning av fangsten og underteikna av fiskar og kjøpar, kvalitetssikra av salslaga, før oversending til Fiskeridirektoratet ved oppgjær til fiskar. Der blir det gitt opp mengd og verdi av fiskeslaga og ein mengd opplysningar for bruk i ressursforvaltning og statistikk. Det kan vere ein del manglar i materialet, så det er naudsynt med omfattande kontrollar.

1977 var det første året primærmaterialet var så fullstendig at det kunne nyttast som grunnlag for fangststatistikk i publikasjonen NOS Fiskeristatistikk. Det er framleis manglar i materialet. Dei fartøya som nyttar fleire reiskapar på ein tur, kan berre føre opp éin reiskap, og dei fartøya som fiskar i fleire fangstområde på ein tur, kan berre føre opp eitt område. Dette må ein ta omsyn til når ein les tabellane for fangsten etter område og reiskap. Ein vil difor finne skilnader mellom fangstområdestatistikken som byggjer på sluttsetelregisteret og den som byggjer på fangstdagbøker frå trålarane. Materialet frå fangstdagbøkene kan også mangle informasjon av di dagbøker kan gå tapt før innsending frå fiskar.

Fråfallsfeil Det er ikkje mogleg å gi gode anslag på landingar som ikkje blir registrert gjennom dei offisielle kanalane. Det er kjend at eit salslag gir dispensasjon for sal av taskekrabbe gjennom salslaget når salet skjer direkte til konsument. Dette kvantumet vil mangle i statistikken. Omsetning av taskekrabbe til produksjon skjer gjennom salslaget.

I fangstdagboksdata kan det vere fråfall i mengda fangstdagbøker som skulle verte send til Fiskeridirektoratet. Om fartøyet forliser eller får anna skade, kan fangstdagboka komme bort. Dette kan og skje ved eigarskifte av fartøyet eller konkurs. Det er mogleg å berekne fråfall for konsesjonspliktige fartøy når fangsten er landa.

4.5. Samanlikningar og samanheng

Samanlikningar over tid og stad Utvalet av tabellar og figurar er endra samanlikna med tidlegare år, men datagrunnlaget er det same. Frå og med 2005 er det teke i bruk ei ny gruppering av artar, lista over artar som er spesifiserte er endra og det er nye kategoriar for bruken av fisk.

I serien NOS Fiskeristatistikk kan ein finne tidsseriar på fangstmengd og -verdi tilbake til 1977. Det er òg laga samanliknbare tidsseriar på fangstmengd og -verdi attende til 1975 i rundvekt, og frå 1974 til 1866 i ferskvekt. Desse tala er å finne i publikasjonane NOS Historisk Statistikk 1978 og 1994, og i Statistikkbanken.

Statistisk sentralbyrå publiserer òg førebelse tal for bl.a. fangstmengd og -verdi for både heile år og halve år i same følgd i veke 6 og 35, og endelege tal for heile år i veke 50.

I serien NOS Fiskeristatistikk 1996-2004 blei utanlandske landingar av fangst i Noreg omhandla i eit eige kapittel (kapittel 4).


Samanheng med annan statistikk

Fiskeridirektoratet publiserer førebels fangststatistikk på Internett: www.fiskeridir.no.

Fiskeridirektoratet oversender også fangststatistikk til fleire internasjonale organisasjonar blant anna FAO, Eurostat, ICES, NAFO og OECD.


Mange internasjonale organisasjonar publiserar også statistikk over fangstmengd og -verdi, bl.a. FAO: www.fao.org og Eurostat: <http://epp.eurostat.ec.europa.eu/>

Figur 4.1 Kvotar og fangst av nordaustarktisk torsk. 1996-2007. 1 000 tonn




Kjelde: Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet og ICES.

Figur 4.2 Fangstmengd, etter hovudgruppe av fangstarter. 1977-2007. 1 000 tonn




Kjelde: Fiskeridirektoratet

Figur 4.3. Fangstmengd, etter hovudgruppe av fangstarter og ilandføringsfylke. 2007. Tonn



Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Figur 4.4. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten. Prosent. 2007



Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.1. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe¹ av fangstarter. 1977-2007

År	I alt (m/tang og tare)	Tang og tare	Fisk og skaldyr						Anna og uspesifisert fisk
			I alt	Pelagisk fisk	Torsk og torskearta fisk	Flatfisk og botnfisk	Djupvass- fisk	Skaldyr og blautdyr	
1 000 tonn rund vekt									
1977	3 402,4	2 641,3	685,5	21,6	22,0	29,2	2,9
1978	2 707,9	121,2	2 586,6	1 864,4	638,9	24,4	21,5	34,8	2,6
1979	2 760,2	110,0	2 650,2	1 927,1	635,2	24,6	20,0	38,3	5,1
1980	2 527,0	126,8	2 400,2	1 703,3	599,1	26,9	15,6	50,1	5,2
1981	2 687,0	148,4	2 538,6	1 750,7	690,4	31,8	8,9	53,0	3,8
1982	2 634,6	149,7	2 484,9	1 685,5	684,9	28,7	9,6	72,1	4,1
1983	2 949,3	136,7	2 812,6	2 058,2	603,3	39,6	9,8	98,1	3,6
1984	2 576,4	136,4	2 440,0	1 687,8	603,3	40,6	10,1	93,9	4,4
1985	2 217,0	133,3	2 083,7	1 376,3	544,3	41,3	7,8	108,6	5,4
1986	2 023,6	159,3	1 864,3	1 203,3	522,0	53,1	6,5	74,4	5,1
1987	2 066,8	174,1	1 892,7	1 146,7	589,7	52,7	5,1	92,5	6,1
1988	1 921,7	172,1	1 749,6	1 094,0	512,3	67,6	5,2	65,2	5,4
1989	1 971,4	182,7	1 788,7	1 204,7	432,1	74,0	8,0	63,8	6,0
1990	1 788,6	197,0	1 591,6	1 100,9	314,5	88,2	11,1	72,8	4,1
1991	2 197,9	190,6	2 007,3	1 428,7	381,8	109,0	12,3	57,9	17,6
1992	2 620,6	189,3	2 429,9	1 796,2	478,7	70,5	11,8	57,5	15,2
1993	2 584,2	169,6	2 414,6	1 686,2	558,8	73,4	11,0	61,1	24,1
1994	2 550,7	185,1	2 365,6	1 547,9	678,8	67,1	7,4	48,3	16,0
1995	2 708,7	185,0	2 523,7	1 696,7	705,8	59,8	5,0	49,1	7,3
1996	2 822,3	173,2	2 649,1	1 802,0	719,6	70,2	5,6	43,7	8,1
1997	3 048,1	191,7	2 856,4	2 017,8	723,8	66,0	3,3	44,7	6,9
1998	3 040,5	179,8	2 860,7	2 072,2	642,3	74,2	2,2	60,9	9,0
1999	2 808,5	178,5	2 630,0	1 927,0	554,9	73,8	2,4	67,6	4,3
2000	2 891,2	192,4	2 698,8	2 078,9	478,7	62,7	2,9	70,7	5,0
2001	2 861,4	175,2	2 686,3	2 053,5	467,4	87,8	2,9	70,2	4,5
2002	2 922,4	182,6	2 739,8	2 079,5	525,0	55,2	1,9	74,9	3,4
2003	2 701,2	153,2	2 548,0	1 893,2	521,5	56,9	2,1	72,2	2,6
2004	2 671,3	148,3	2 523,0	1 848,9	537,0	66,2	1,8	66,6	2,5
2005	2 545,8	153,9	2 391,9	1 718,5	550,3	63,0	1,7	56,4	2,0
2006	2 401,7	145,4	2 256,3	1 536,0	585,3	73,5	1,9	57,2	2,4
2007	2 527,9	134,7	2 393,2	1 671,4	555,4	56,9	5,3	102,2	2,0
Mill. kroner									
1977	3 073,2	1 121,8	1 614,1	54,4	32,9	204,1	46,0
1978	2 920,0	12,1	2 907,9	934,2	1 585,5	60,7	33,5	260,9	33,1
1979	3 142,3	9,9	3 132,4	945,7	1 716,4	73,9	33,2	297,4	65,7
1980	3 512,9	11,6	3 501,3	1 010,9	1 896,0	82,0	30,3	398,8	83,3
1981	4 009,6	14,6	3 995,0	1 062,2	2 362,7	83,1	20,3	402,0	64,7
1982	3 982,1	17,9	3 964,2	1 054,2	2 264,5	76,0	20,2	493,2	56,1
1983	4 280,2	16,5	4 263,7	1 309,1	2 017,8	113,7	24,8	746,3	52,0
1984	4 355,7	16,5	4 339,3	1 259,6	2 062,8	145,4	25,2	781,2	65,1
1985	4 570,9	17,9	4 553,0	1 122,0	2 265,7	165,3	22,2	902,4	75,4
1986	5 173,8	23,2	5 150,6	1 030,5	2 854,8	224,6	18,0	944,2	78,5
1987	5 844,8	25,0	5 819,7	1 014,5	3 560,5	231,8	14,9	925,9	72,0
1988	5 057,1	24,6	5 032,5	1 130,2	2 748,2	278,3	16,9	791,8	67,1
1989	4 803,8	26,8	4 777,0	1 269,9	2 297,4	291,0	28,3	842,7	47,6
1990	5 005,5	29,0	4 976,5	1 246,6	2 075,3	595,1	47,4	960,7	51,4
1991	5 996,5	28,6	5 967,9	1 494,2	2 834,3	671,7	53,2	742,1	172,4
1992	6 141,5	29,8	6 111,7	1 518,4	3 134,4	429,0	43,4	704,2	282,3
1993	6 296,5	27,0	6 269,5	1 646,8	3 194,4	525,4	37,5	680,2	176,4
1994	7 504,9	34,8	7 470,1	1 867,1	4 202,5	513,8	30,8	706,4	149,5
1995	8 247,3	29,2	8 218,2	2 251,0	4 504,2	508,8	24,0	844,6	85,5
1996	8 745,8	27,5	8 718,2	3 124,4	4 178,9	625,1	20,3	678,6	90,9
1997	9 196,7	30,7	9 166,0	3 468,8	4 442,2	563,9	13,2	661,1	80,7
1998	10 551,1	28,9	10 522,1	3 291,0	5 633,5	641,8	11,8	868,1	76,0
1999	9 975,9	28,4	9 947,5	2 819,4	5 385,4	711,6	14,1	975,2	41,8
2000	9 771,5	35,7	9 735,8	3 229,2	4 649,1	700,1	16,2	1 118,4	22,9
2001	11 470,4	32,5	11 437,9	4 755,0	4 797,1	855,7	17,5	973,8	38,8
2002	11 197,3	33,4	11 164,0	4 889,0	4 759,7	527,7	11,3	940,3	36,0
2003	8 910,3	28,0	8 882,3	3 487,2	3 848,1	565,1	12,0	943,0	27,7
2004	10 414,7	27,9	10 386,8	4 250,2	4 372,7	727,1	11,3	991,6	33,8
2005	11 685,6	29,9	11 655,7	5 122,2	4 920,0	736,2	10,5	835,6	31,2
2006	11 703,5	28,5	11 675,0	4 163,6	5 886,5	804,4	10,7	767,1	42,7
2007	12 077,8	26,7	12 051,1	4 283,0	6 238,7	626,6	12,5	859,6	30,7

¹ Sjå vedlegg A.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.2. Total fangstmengd¹, etter bruken. 1977-2007

År	I alt	Konsum	Mjøøl og olje	Dyrefôr/fiskefôr, agn og annet
1 000 tonn rund vekt				
1977	3 402,5	786,1	2 549,2	67,1
1978	2 586,6	744,1	1 768,1	74,4
1979	2 650,2	751,4	1 805,2	93,6
1980	2 400,2	726,3	1 500,4	173,5
1981	2 538,6	820,0	1 601,0	117,6
1982	2 484,9	876,0	1 493,7	115,2
1983	2 812,6	873,7	1 840,3	98,7
1984	2 440,0	875,0	1 478,7	86,3
1985	2 083,7	854,3	1 161,9	67,4
1986	1 864,3	882,0	917,9	64,3
1987	1 892,7	1 017,7	829,7	45,3
1988	1 749,6	913,6	798,1	37,9
1989	1 788,7	837,9	916,9	33,8
1990	1 591,6	808,3	750,1	33,2
1991	2 007,3	937,6	1 046,4	23,4
1992	2 429,9	993,2	1 413,7	23,1
1993	2 414,6	1 204,4	1 203,2	6,9
1994	2 365,6	1 475,1	887,3	3,2
1995	2 523,7	1 566,3	937,6	19,8
1996	2 649,1	1 676,6	958,4	14,1
1997	2 862,6	1 761,8	1 097,4	3,5
1998	2 860,7	1 552,5	1 306,4	1,8
1999	2 630,0	1 610,8	1 017,9	1,3
2000	2 698,8	1 594,6	1 101,8	2,4
2001	2 686,4	1 543,8	1 140,7	1,8
2002	2 739,8	1 549,9	1 187,3	2,7
2003	2 548,5	1 436,6	1 110,5	1,4
2004	2 523,0	1 453,9	1 065,0	4,0
2005	2 391,9	1 621,2	767,9	2,9
2006	2 256,3	1 510,9	739,1	6,3
2007	2 393,3	1 607,7	781,6	3,9
Prosent				
1977	100	23,1	74,9	2,0
1978	100	28,8	68,4	2,9
1979	100	28,4	68,1	3,5
1980	100	30,3	62,5	7,2
1981	100	32,3	63,1	4,6
1982	100	35,3	60,1	4,6
1983	100	31,1	65,4	3,5
1984	100	35,9	60,6	3,5
1985	100	41,0	55,8	3,2
1986	100	47,3	49,2	3,5
1987	100	53,8	43,8	2,4
1988	100	52,2	45,6	2,2
1989	100	46,8	51,3	1,9
1990	100	50,8	47,1	2,1
1991	100	46,7	52,1	1,2
1992	100	40,9	58,2	0,9
1993	100	49,9	49,8	0,3
1994	100	62,4	37,5	0,1
1995	100	62,1	37,2	0,8
1996	100	63,3	36,2	0,5
1997	100	61,5	38,3	0,1
1998	100	54,3	45,7	0,1
1999	100	61,2	38,7	0,0
2000	100	59,1	40,8	0,1
2001	100	57,5	42,5	0,1
2002	100	56,6	43,3	0,1
2003	100	56,4	43,6	0,1
2004	100	57,6	42,2	0,2
2005	100	67,8	32,1	0,1
2006	100	67,0	32,8	0,3
2007	100	67,2	32,7	0,2

¹Tang og tare ikkje medrekna.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.3. Gjennomsnittleg pris¹ for fisk mv. ved sal frå fiskar. 1998-2007

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
	Kr per kg									
Alle arter	3,68	3,78	3,61	4,26	4,07	3,49	4,12	4,87	5,17	5,03
Lodde	0,88	2,08	0,96	1,11	1,23	1,05	0,95	1,38	1,98	2,31
Augepål	0,89	0,55	0,59	0,69	0,89	0,77	0,80	0,97	1,40	1,23
Kolmule	0,86	0,54	0,59	0,70	0,99	0,85	0,80	0,72	1,20	1,57
Tobis	0,90	0,55	0,61	0,78	0,92	0,80	0,90	0,80	1,21	1,56
Hestmakrell	2,06	2,29	2,33	5,68	2,66	1,99	3,75	4,43	4,24	3,50
Atlantisk Makrel	5,31	5,37	5,65	7,41	7,39	6,16	8,44	12,49	8,00	7,44
Sild	1,76	1,45	1,79	3,86	3,55	2,50	3,27	3,83	3,16	2,52
Brisling	1,63	1,45	3,20	1,88	4,58	4,75	4,42	4,74	1,92	2,39
Anna pelagisk fisk	1,66
Torsk	10,47	12,96	13,38	13,90	12,57	10,76	12,06	13,22	14,93	16,96
Hyse	9,12	11,10	11,62	11,94	10,01	6,96	7,01	8,29	10,88	11,45
Sei	5,41	5,10	4,36	4,85	4,61	3,78	3,96	4,78	5,43	5,61
Brosme	8,85	8,22	8,14	9,48	8,50	7,27	6,97	7,45	8,52	8,53
Lange	11,88	11,68	12,88	16,43	13,22	10,81	12,21	11,93	13,48	13,05
Blålange	6,94	6,96	8,10	10,78	8,58	7,06	6,28	5,87	7,33	7,37
Lyr	6,49	7,49	7,46	8,01	7,65	7,51	8,31	8,78	10,03	10,51
Lysing	23,96	24,35	22,05	23,47	20,57	20,02	20,67	20,14	24,09	19,53
Kviting	5,22	5,24	6,20	5,86	5,87	5,70	6,04	6,02	5,54	7,06
Blåkveite	15,72	14,46	18,17	17,23	13,88	15,84	18,37	20,57	21,16	17,47
Kveite	30,63	33,30	42,12	41,68	39,33	40,85	41,16	38,73	41,64	42,14
Raudspette	11,12	11,63	10,94	11,96	11,33	13,10	12,55	12,99	13,72	13,06
Tunge	73,98	84,70	98,12
Smørflyndre	10,44	11,03	11,06	14,00	15,20	17,44	15,57	16,86	19,14	19,05
Sandflyndre	7,23	7,78	8,12
Lomre	17,97	20,46	26,73
Slettvar	43,48	52,60	44,64
Piggvar	68,39	72,82	67,45
Anna flatfisk	34,60	10,39	8,44
Al	48,03	45,60	38,59	44,77	36,34	33,88	42,78	44,96	45,18	47,13
Uer	6,88	6,52	7,13	7,04	6,72	6,03	6,87	9,62	9,30	7,30
Straum- og vassild	3,86	3,07	3,02	4,19	3,27	3,07	2,75	2,63	2,52	3,18
Steinbiter	5,04	4,68	4,28	4,24	4,67	4,84	4,53	5,27	6,92	7,93
Breiflabb	20,51	23,32	27,79	29,05	26,51	23,03	22,74	23,64	24,47	24,96
Rognkjeks	5,16	4,63	4,02	4,27	4,52	5,31	5,96	4,88	3,96	3,76
Anna botnfisk	11,20	4,41	2,78
Pigghå	6,10	6,76	7,29	7,55	7,32	7,53	8,18	7,81	8,03	7,78
Håbrann	21,68	22,79	18,82	22,56	21,32	24,11	20,48	16,41	11,80	20,48
Brugde	1,47	1,37	1,85
Andre håer og haier	5,56	5,72	10,28
Skate, rokke	4,08	4,14	3,21	3,35	3,81	4,61	4,00	5,06	7,24	5,31
Anna djupvassfisk	2,94	1,35	1,26
Villaks
Anna uspesifisert fisk	20,62	23,36	19,47
Krabbe	7,48	9,79	14,10	15,64	13,74	16,96	18,53	7,84	8,01	8,12
Kongekrabbe	56,37	48,92	46,74
Hummar	142,53	160,85	178,60	198,25	192,62	178,56	172,92	186,74	191,54	207,56
Sjøkreps	53,22	62,59	64,77	69,22	69,27	67,07	66,52	71,63	80,15	82,50
Reke	14,34	14,21	15,51	13,36	12,07	12,33	14,10	14,05	15,95	17,73
Skjel	19,86	20,61	20,66
Andre skaldyr og blautdyr	5,24	0,43	0,33

¹ Gjeld gjennomsnittsprisar for heile landet. Prisane vil variere mellom distrikt og bruksmåte.

Kjelde: Fiskeridirektoratet og Statistisk sentralbyrå.

4.4. Fangstmengd, etter fangstreiskap og fangstarter. 2007. Tonn rund vekt

Fangstarter	I alt	Not	Garn	Juksa	Line	Snurrevad	Trål	Anna
I alt	2 393 259	1 003 006	130 674	20 306	106 764	60 877	1 048 585	23 047
Lodde	41 098	41 098	-	-	-	-	-	-
Augepål	4 722	-	-	-	-	-	4 722	-
Kolmule	539 589	1 421	-	-	-	-	538 167	-
Tobis	51 134	-	-	-	-	-	51 134	-
Hestmakrell	5 425	4 960	-	-	-	-	465	-
Makrel	131 698	116 138	79	0	0	0	4 259	11 222
Sild	884 593	780 852	19	-	-	0	103 720	2
Brisling	12 933	12 847	2	-	-	-	85	-
Anna pelagisk fisk	179	146	-	-	3	-	30	-
Torsk	217 788	56	67 374	11 638	37 117	37 443	63 993	168
Hyse	73 283	12	4 041	182	27 547	11 153	30 329	19
Sei	225 299	44 384	37 895	8 014	4 727	11 051	119 173	56
Brosme	15 293	113	980	65	13 965	8	117	45
Lange	18 582	188	4 959	30	12 511	56	833	5
Blålange	467	2	169	0	278	0	17	0
Lyr	3 358	8	2 551	147	76	59	488	28
Lysing	1 294	-	832	1	8	87	366	1
Kviting	55	0	7	1	15	2	29	0
Blåkveite	10 163	5	1 002	4	3 825	115	5 208	3
Kveite	1 607	-	729	31	665	40	140	3
Raudspette	2 085	-	145	4	5	628	1 293	10
Tunge	13	-	3	-	-	0	9	0
Smørflyndre	73	-	6	-	0	1	67	0
Sandflyndre	127	-	1	-	-	0	127	0
Lomre	63	-	13	0	0	18	32	0
Slettvar	25	-	11	-	-	1	13	0
Piggvar	55	-	15	0	0	4	36	0
Anna flatfisk	32	-	12	0	0	7	12	0
Ål	194	-	-	-	-	-	-	194
Uer	13 722	5	1 939	155	1 192	89	10 340	1
Straum- og vassild	16 407	352	-	-	-	0	16 055	-
Steinbit	4 667	-	48	8	3 600	29	982	1
Breiflabb	5 144	1	4 949	19	89	75	-	11
Rognkjeks	2 210	-	2 207	3	-	-	-	-
Anna botnfisk	5	-	0	-	-	0	5	0
Piggå	615	-	489	3	67	3	52	2
Håbrann	10	-	10	-	0	-	0	-
Brugde	26	-	26	-	-	-	-	-
Andre håer og haier	2	-	1	-	-	0	1	-
Skate, rokke	383	-	125	1	226	4	26	1
Anna djupvassfisk	4 261	-	2	-	106	0	4 153	-
Villaks	434	0	1	-	-	0	-	433
Anna uspesifisert fisk	1 576	417	33	0	752	0	327	46
Krabbe	8 515	-	-	-	-	-	-	8 515
Kongekrabbe	1 267	-	-	-	-	-	-	1 267
Hummar	57	-	-	-	-	-	-	57
Sjøkreps	265	-	-	-	-	-	214	51
Reke	37 293	-	-	-	-	-	37 293	-
Skjel	876	-	-	-	-	-	-	876
Andre skaldyr og blautdyr	53 961	-	-	-	-	-	53 935	26

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.5. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten og fangstarter. 2007

	I alt		Konsum		Mjøøl og olje		Dyrefôr/fiskefôr, agn og annet	
	Mengd Tonn	Verdi 1 000 kr	Mengd Tonn	Verdi 1 000 kr	Mengd Tonn	Verdi 1 000 kr	Mengd Tonn	Verdi 1 000 kr
Fangstarter								
I alt	2 393 259	12 047 205	1 607 741	10 849 162	781 588	1 193 383	3 930	4 660
Lodde	41 098	95 091	27 970	76 747	13 033	18 051	95	294
Augepål	4 722	5 811	3	0	4 719	5 811	-	-
Kolmule	539 589	847 982	1 989	39	535 670	847 924	1 930	19
Tobis	51 134	79 585	99	249	51 035	79 336	-	-
Hestmakrell	5 425	19 006	4 863	18 367	563	639	-	-
Makrel	131 698	979 479	130 823	978 404	112	127	763	948
Sild	884 593	2 224 846	772 374	2 035 178	111 779	189 003	440	665
Brisling	12 933	30 942	4 801	19 722	8 132	11 220	-	-
Anna pelagisk fisk	179	297	3	14	176	283	-	-
Torsk	217 788	3 693 225	217 661	3 692 807	5	5	123	412
Hyse	73 283	840 495	73 206	840 446	13	16	64	33
Sei	225 299	1 263 935	222 922	1 260 457	2 088	2 586	289	892
Brosme	15 293	130 399	15 293	130 399	-	-	0	0
Lange	18 582	242 421	18 582	242 421	-	-	0	0
Blålange	467	3 439	467	3 439	-	-	0	0
Lyr	3 358	35 272	3 357	35 272	-	-	1	0
Lysing	1 294	25 279	1 294	25 279	-	-	1	1
Kviting	55	385	55	385	-	-	0	0
Blåkveite	10 163	177 493	10 157	177 262	-	-	6	232
Kveite	1 607	67 730	1 607	67 730	-	-	0	0
Raudspette	2 085	27 233	2 084	27 233	-	-	1	0
Tunge	13	1 290	13	1 290	-	-	-	-
Smørflyndre	73	1 389	73	1 389	-	-	-	-
Sandflyndre	127	1 032	127	1 032	-	-	-	-
Lomre	63	1 682	63	1 682	-	-	0	0
Slettvar	25	1 098	25	1 098	-	-	-	-
Piggvar	58	3 940	58	3 940	-	-	0	-
Anna flatfisk	32	269	32	269	-	-	-	-
Ål	194	9 127	194	9 127	-	-	-	-
Uer	13 722	100 234	13 695	100 229	-	-	27	6
Straum- og vassild	16 407	52 105	12 545	46 736	3 831	5 367	31	2
Steinbit	4 667	37 024	4 629	37 015	-	-	38	9
Breiflabb	5 474	136 626	5 444	136 566	-	-	31	59
Rognkjeks	2 210	8 297	2 210	8 297	-	-	-	-
Anna botnfisk	5	14	5	14	-	-	-	-
Piggå	615	4 787	615	4 786	-	-	0	0
Håbrann	10	201	10	201	-	-	0	0
Brugde	26	48	26	48	-	-	-	-
Andre håer og haier	2	22	2	22	-	-	-	-
Skate, rokke	383	2 033	383	2 032	-	-	0	1
Anna djupvassfisk	4 261	5 375	108	208	4 153	5 167	0	0
Villaks	434	0	434	0	-	-	-	-
Anna uspesifisert fisk	1 576	30 687	1 313	19 243	261	10 769	3	675
Krabbe	8 515	69 156	8 515	69 156	-	-	-	-
Kongekrabbe	1 267	59 200	1 267	59 200	-	-	-	-
Hummar	57	11 919	57	11 919	-	-	-	-
Sjøkreps	266	21 926	266	21 926	-	-	0	0
Reke	37 293	661 254	37 207	660 842	-	-	86	411
Skjel	876	18 100	876	18 100	-	-	-	-
Andre skaldyr og blautdyr	53 961	18 024	7 942	947	46 019	17 077	-	-

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.6. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fangstarter og fangstområde. 2007

Fangstområde	I alt	Pelagisk fisk	Torsk og torskearta fisk	Flatfisk og botnfisk	Djupvassfisk	Skaldyr og blautdyr	Anna
Tonn							
I alt	2 393 259	1 671 371	555 419	56 925	5 298	102 235	2 010
Havfiske i alt¹	1 921 380	1 470 280	317 184	42 693	4 521	85 317	1 385
Norskehavet/Barentshavet/ Svalbard	913 673	601 722	255 501	30 961	156	24 959	374
Nordsjøen/Skagerrak	420 395	354 240	53 407	5 135	4 229	2 841	543
Øvrige områder i Det Nordaustlege Atlanterhav	529 755	514 319	8 242	5 165	136	1 649	244
Det Nordvestlege Atlanterhav .. Utanfor Det Nordlege Atlanterhav	3 479	-	32	1 432	-	2 008	7
Kystfiske i alt	471 879	201 091	238 236	14 232	776	16 918	625
Norskehavet/Barentshavet/ Svalbard	444 630	188 912	231 682	13 062	444	10 029	499
Nordsjøen/Skagerrak	27 249	12 179	6 553	1 170	332	6 889	126
Uppgitt fiske	-	-	-	-	-	-	-
1 000 kr							
I alt	12 047 205	4 283 040	6 234 850	626 584	12 465	859 579	30 687
Havfiske i alt¹	8 285 182	3 789 522	3 573 627	367 253	7 270	518 703	28 807
Norskehavet/Barentshavet/ Svalbard	5 154 479	1 527 670	3 032 597	250 941	588	330 863	11 821
Nordsjøen/Skagerrak	1 990 959	1 412 554	430 196	40 332	5 707	97 839	4 332
Øvrige områder i Det Nordaustlege Atlanterhav	1 063 492	849 299	110 243	51 941	976	49 239	1 795
Det Nordvestlege Atlanterhav .. Utanfor Det Nordlege Atlanterhav	48 351	-	591	24 039	-	23 685	37
Kystfiske i alt	3 762 023	493 517	2 661 223	259 331	5 195	340 876	1 881
Norskehavet/Barentshavet/ Svalbard	3 418 175	429 350	2 601 104	224 485	2 703	160 098	435
Nordsjøen/Skagerrak	343 848	64 167	60 120	34 846	2 492	180 779	1 446
Uppgitt fiske	-	-	-	-	-	-	-

¹ Med havfiske meiner ein fiske utafor 12-milssona.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.7. Fangstmengd og -verdi, etter hovedgruppe av fangstarter og ilandføringsfylke. 2007

Fylke	I alt		Pelagisk fisk		Torsk og torskarta fisk		Flatfisk og botnfisk	
	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi
	Tonn	1 000 kr	Tonn	1 000 kr	Tonn	1 000 kr	Tonn	1 000 kr
I alt	2 393 258	12 047 205	1 671 371	4 283 040	555 419	6 234 850	56 925	626 584
Østfold	3 471	46 484	2 053	9 193	132	1 374	25	550
Akershus	60	924	16	260	33	309	7	179
Oslo	75	3 912	7	199	35	1 048	5	183
Buskerud	0	0	-	-	-	-	-	-
Vestfold	801	16 102	9	179	178	1 961	23	721
Telemark	1 228	23 208	13	245	191	2 366	55	1 571
Aust-Agder	1 751	42 318	7	69	201	2 759	50	1 186
Vest-Agder	5 970	102 807	2 352	7 567	930	13 212	270	10 409
Rogaland	444 553	1 053 006	432 826	937 276	3 584	20 244	2 813	11 168
Hordaland	56 808	256 498	54 869	230 852	1 436	10 865	234	6 863
Sogn og Fjordane	296 989	1 059 665	270 253	732 037	23 019	292 457	2 198	26 677
Møre og Romsdal	537 456	3 016 364	331 623	1 000 092	182 752	1 755 939	20 921	209 718
Sør-Trøndelag	34 163	162 443	25 184	64 617	4 107	35 695	950	21 817
Nord-Trøndelag	11 921	68 601	4 943	7 231	3 135	31 367	2 894	20 396
Nordland	370 082	2 308 422	227 851	583 711	126 088	1 549 601	12 295	139 943
Troms Romsa	233 291	1 982 671	95 361	243 369	105 045	1 324 649	9 233	110 188
Finnmark Finnmarku	107 098	¹ 1 235 444	2 853	3 913	99 744	1 137 027	3 038	35 327
Uoppgitt eller ilandført i utlandet	287 536	668 337	221 152	462 232	4 805	53 976	1 911	29 688
	Djupvassfisk		Skaldyr og blautdyr		Anna			
	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi		
	Tonn	1 000 kr	Tonn	1 000 kr	Tonn	1 000 kr		
I alt	5 298	12 465	102 235	859 579	2 010	30 687		
Østfold	31	374	1 230	34 993	0	0		
Akershus	0	1	4	175	0	0		
Oslo	0	3	23	2 345	5	134		
Buskerud	-	-	-	-	0	0		
Vestfold	13	109	576	13 132	2	0		
Telemark	6	46	963	18 977	0	3		
Aust-Agder	14	111	1 478	38 192	1	1		
Vest-Agder	55	569	2 342	70 700	21	350		
Rogaland	2 605	3 671	2 369	79 646	356	1 001		
Hordaland	68	368	181	7 296	20	254		
Sogn og Fjordane	731	2 002	448	4 826	340	1 666		
Møre og Romsdal	204	997	1 623	34 275	333	15 343		
Sør-Trøndelag	247	1 578	3 372	38 732	302	4		
Nord-Trøndelag	57	576	843	9 031	50	1		
Nordland	80	281	3 715	34 805	53	81		
Troms	33	126	23 552	303 709	67	630		
Finnmark Finnmarku	3	8	1 266	59 168	192	1		
Uoppgitt eller ilandført i utlandet	1 151	1 647	58 250	109 577	267	11 216		

¹ Rettet 7. januar 2010.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.8. Fangstmengd og -verdi, etter salslag. 2007

Salslag	Tonn rund vekt	1 000 kroner
I alt	2 393 259	12 047 205
Skagerrakkfisk S/L	11 841	264 448
Rogaland Fiskesalgslag S/L	8 118	146 204
Vest-Norges Fiskesalgslag	26 273	351 444
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag	193 468	1 965 068
Norges Råfisklag	472 297	5 014 990
Norges Sildesalgslag	1 680 606	4 294 228
Fangst registrert på annan måte ¹	656	10 822

¹ Innehold m.a. fangst av arter der salslaga ikkje har monopol på førstehandsomsetning. Fangstverdien er i enkelte tilfelle delvis estimert.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.9. Selfangst. 1950-2007

	Dyr fanga i alt	Grønlandssel i alt	Klappmyss i alt	Anna ¹	Spekk- produksjon i alt	Fangstverdi i alt. 1 000 kroner
1950	255 056	161 602	88 418	5 036	5 293	12 227
1955	295 172	222 058	71 027	2 087	5 656	15 703
1960	216 034	170 016	45 429	589	4 584	16 731
1965	140 118	97 765	41 161	1 192	2 683	22 923
1970	188 980	146 258	42 044	658	4 005	21 701
1975	112 274	75 930	36 182	155	2 392	17 738
1980	² 60 746	45 289	15 456	1	1 008	³ 11 796
1985	19 902	19 546	338	-	621	1 548
1990	15 232	14 959	273	-	451	11 796
1995	15 981	15 048	933	-	407	⁴ ..
1998	9 067	2 716	6 351	..	167	2 331
1999	6 399	1 953	4 446	..	84	1 591
2000	20 549	18 678	1 871	-	353	2 718
2001	12 012	8 192	3 820	-	321	2 873
2002	10 691	3 575	7 116	-	187	4 094
2003	12 870	7 575	5 295	-	213	4 215
2004	14 746	9 895	4 851	-	192	4 319
2005	21 597	⁵ 17 771	3 826	-	340	3 859
2006	17 037	13 390	3 647	-	516	4 488
2007	13 980	13 980	0	-	341	2 542

¹ Storkobbe, snadd (ringsel) og isbjørn. ² I tillegg kjem 295 sel til vitenskapelig føremål og 3 311 grønlandssel som drukna i Varngerfjorden. ³ Medrekna subsidier på 1,50 kr per kg ⁴ Selfangst vart ikkje omsett. ⁵ Medrekna 60 sel til vitenskapelig føremål.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.10. Småkvallfangst. 1974-2007.

	Fartøy	Kval fanga	Produksjon							
			I alt		Kjøtt		Spekk		Dyrefôr	
			Mengd	Verdi ¹	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi	Mengd	Verdi
			Tonn	1 000 kroner	Tonn	1 000 kroner	Tonn	1 000 kroner	Tonn	1 000 kroner
1974	84	1 827	3 543	15 472	2 649	..	848	..	46	..
1975	80	1 790	3 058	15 102	2 110	..	670	..	278	..
1976	83	2 146	3 801	31 068	3 041	..	685	..	75	..
1977	87	1 779	3 281	28 942	2 489	..	752	..	40	..
1978	87	1 655	2 893	23 244	2 081	..	771	..	42	..
1979	84	2 201	4 262	33 923	2 836	..	1 222	..	204	..
1980	89	2 054	4 246	39 660	3 059	36 613	1 130	3 001	57	46
1981	89	1 890	3 499	35 719	2 540	33 502	940	2 202	19	15
1982	80	1 963	3 529	39 837	2 631	37 338	873	2 478	25	21
1983	79	1 869	3 491	45 617	2 583	40 455	896	5 152	12	10
1984	55	804	1 947	32 681	1 439	28 513	477	4 096	30	72
1985	53	771	1 839	34 626	1 406	30 525	427	4 095	6	6
1986	53	383	1 008	20 489	790	18 842	213	1 642	5	5
1987	50	375	1 003	21 294	827	21 100	174	² 193	1	1
1988	2	³ 29	42	816	33	808	-	-	9	9
1989	1	³ 17	22	508	19	505	-	-	3	3
1990	1	³ 5	8	231	8	231	-	-	-	-
1991	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
1992	6	³ 95	150	3 232	121	3 228	28	3	1	1
1993	31	⁴ 217	454	16 253	353	16 196	91	46	10	10
1994	32	⁵ 273	478	15 724	422	15 695	58	22	7	7
1995	33	217	456	13 068	335	10 298	119	2 755	2	15
1996	31	388	681	15 379	556	15 365	123	12	2	2
1997	31	503	779	22 029	732	21 934	46	94	1	1
1998	34	624	1 144	27 365	912	26 747	226	592	6	26
1999	34	589	996	24 271	839	23 814	157	457	-	-
2000	33	487	809	21 622	713	21 404	96	218	-	-
2001	33	552	1 141	27 407	837	25 729	304	1 678	-	-
2002	34	671	974	27 623	911	27 617	63	6	0	0
2003	34	647	895	26 270	894	26 267	1	3	-	-
2004	34	543	704	20 711	704	20 711	-	-	-	-
2005	31	634	834	24 226	834	24 226	-	-	-	-
2006	28	545	698	20 819	689	20 774	9	45	-	-
2007	28	597	767	24 129	762	24 129	0	0	-	-

¹ Medrekna pristilskott til kvalfangar. ² Den låge verdien skuldast at det ikkje vart omsett spekk til konsum. ³ Fangst til forskingsføremål. ⁴ Medrekna 69 kval til forskingsføremål. ⁵ Medrekna 70 kval til forskingsføremål.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.11. Verdsfangsten av fisk, etter bruken. Medrekna fiskeoppdrett. 1996-2006. Mill. tonn rund vekt¹

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Fangst i alt	120,3	122,8	118,1	127,0	131,1	131,0	133,6	133,0	140,5	142,7	143,6
Til menneskeføde i alt	88,5	91,8	93,5	95,5	97,1	100,1	100,7	103,4	104,5	107,1	110,4
Fersk	42,8	45,5	46,9	48,2	48,6	49,5	50,6	51,2	51,4	51,4	53,6
Frosen	24,7	24,8	24,7	24,9	25,3	26,4	26,3	26,6	26,8	28,1	28,6
Salta mv.	10,1	9,4	10,1	10,5	10,9	11,5	10,8	11,5	11,5	11,8	11,9
Hermetikk	11,0	12,1	11,8	11,9	12,3	12,7	13,0	14,1	14,8	15,8	16,3
Til anna bruk i alt	31,8	31,0	24,6	31,5	34,0	30,9	32,9	29,8	36,0	35,6	33,2
Oppmaling	27,4	26,0	19,8	25,7	28,0	23,9	24,9	20,8	25,1	23,5	20,2
Andre føremål	4,4	4,9	4,8	5,8	6,1	6,9	7,9	8,9	10,9	12,1	13,1

¹ Revisjon av tala har medført små endringar samanlikna med tidlegare publisert statistikk.

Kjelde: AO: Yearbook of Fishery Statistics.

4.12. Fangstmengd i land med størst fangst. 1996-2006. Mill. tonn¹

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Totalt i verden	93,74	94,24	87,60	93,66	95,67	93,02	93,23	90,49	94,57	94,20	91,99
Kina	14,20	15,72	17,23	17,24	16,99	16,53	16,55	16,76	16,89	17,05	17,09
Peru	9,51	7,87	4,34	8,43	10,66	7,99	8,77	6,09	9,60	9,39	7,02
USA	5,00	4,98	4,71	4,75	4,72	4,94	4,94	4,94	4,96	4,89	4,86
Indonesia	3,60	3,79	3,96	3,99	4,08	4,24	4,32	4,63	4,64	4,69	4,76
Japan	5,93	5,92	5,30	5,19	4,99	4,70	4,36	4,67	4,31	4,09	4,19
Chile	6,69	5,81	3,27	5,05	4,30	3,80	4,27	3,61	4,92	4,33	4,17
India	3,45	3,52	3,37	3,47	3,67	3,78	3,74	3,71	3,39	3,69	3,86
Russland	4,68	4,66	4,45	4,14	3,97	3,63	3,23	3,28	2,94	3,19	3,28
Thailand	3,01	2,90	2,93	2,95	3,00	2,83	2,84	2,85	2,84	2,81	2,78
Fillipinene	1,78	1,81	1,83	1,87	1,90	1,95	2,03	2,17	2,22	2,25	2,32
Noreg	2,65	2,86	2,86	2,63	2,70	2,69	2,74	2,55	2,52	2,39	2,26
Myanmar	0,60	0,78	0,83	0,92	1,09	1,19	1,28	1,34	1,59	1,74	2,01
Vietnam	1,22	1,28	1,29	1,39	1,62	1,72	1,80	1,86	1,88	1,93	1,96
Sør-Korea	2,41	2,20	2,03	2,12	1,82	1,99	1,67	1,64	1,58	1,64	1,75
Island	2,06	2,21	1,68	1,74	1,98	1,98	2,13	1,98	1,73	1,66	1,33

¹ Revisjon av tala har medført små endringar samanlikna med tidlegare publisert statistikk.

Kjelde: FAO: Yearbook of Fishery Statistics.

4.13. Fangstmengd og -verdi ført i land i Noreg av utanlandske fartøy, etter hovudgruppe¹ av fangstarter. 1986-2007

År	I alt	Pelagisk fisk	Torsk og torskearta fisk	Flatfisk og botnfisk	Djupvassfisk	Skaldyr og blautdyr	Anna
Tonn rund vekt							
1986	8 380	8 169	9	1	0	199	1
1987	10 049	8 942	687	34	1	385	0
1988	28 880	22 295	6 338	81	1	137	28
1989	27 717	18 047	9 613	23	31	0	4
1990	61 088	45 549	15 437	97	1	2	2
1991	109 372	72 330	35 942	497	24	570	10
1992	166 394	67 291	90 092	1 749	21	7 183	58
1993	233 477	103 106	116 391	1 232	2	12 584	164
1994	212 234	69 427	134 771	1 370	3	6 641	22
1995	262 693	88 842	160 384	2 207	3	11 218	39
1996	308 232	136 200	154 699	3 950	3	13 328	52
1997	390 553	197 991	175 576	5 424	6	11 511	46
1998	389 283	223 615	141 983	10 168	51	12 574	892
1999	430 961	223 920	169 211	13 810	18	21 361	2 641
2000	547 199	347 078	155 335	13 917	12	29 299	1 558
2001	515 530	324 553	166 440	10 129	38	13 422	947
2002	540 149	362 707	158 274	8 842	79	9 950	296
2003	383 286	275 506	97 706	5 342	5	4 563	165
2004	269 012	158 777	97 313	5 727	18	6 633	545
2005	168 675	62 235	94 738	6 179	53	5 390	79
2006	215 463	95 215	111 901	5 077	4	3 192	75
2007	284 108	154 507	120 146	4 752	316	4 341	46
1 000 kroner							
1986	7 959	4 437	25	10	0	3 486	3
1987	11 854	2 151	3 839	368	3	5 491	1
1988	53 152	20 593	30 407	282	3	1 838	28
1989	70 811	19 748	50 862	87	84	6	23
1990	199 925	79 294	120 017	447	3	35	130
1991	494 740	144 789	343 284	2 523	60	3 909	176
1992	844 780	114 867	662 554	7 585	104	59 588	82
1993	916 173	147 744	664 012	5 599	4	98 043	770
1994	1 011 383	127 213	818 979	5 815	10	59 115	251
1995	1 334 244	234 984	975 894	10 756	9	112 150	451
1996	1 464 622	536 970	811 530	19 823	16	95 420	862
1997	1 711 667	553 424	1 044 169	28 176	26	84 378	1 495
1998	2 488 228	985 352	1 319 854	63 757	106	116 397	2 763
1999	2 689 885	577 751	1 792 231	102 791	50	201 796	15 267
2000	3 154 258	959 217	1 771 469	117 598	41	296 621	9 311
2001	3 542 155	1 346 401	1 976 938	86 765	109	125 896	6 046
2002	3 078 379	1 220 960	1 687 005	53 064	177	110 948	6 224
2003	1 768 741	725 558	928 495	42 224	21	68 789	3 654
2004	1 702 650	671 687	910 041	37 299	49	78 177	5 397
2005	1 581 271	532 226	925 844	49 387	201	72 107	1 507
2006	1 866 070	515 071	1 222 113	39 673	365	87 262	1 587
2007	2 090 143	576 650	1 399 261	32 259	1 987	78 516	1 470

¹ Sjå vedlegg A.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

4.14. Fangstmengd og -verdi¹ ført i land i Noreg av utanlandske fartøy, etter hovedgruppe av fangstarter og nasjonalitet til fartøy. 2007

Nasjon	I alt	Pelagisk fisk	Torsk og torskearta fisk	Flatfisk og botnfisk	Djupvassfisk	Skaldyr og blautdyr	Anna
Tonn rund vekt							
I alt	284 105	154 507	120 142	4 752	316	4 341	46
Russland	128 133	4 089	118 469	4 673	314	573	14
Storbritannia og Nord-Irland	27 055	27 019	34	-	-	-	2
Danmark	11 952	11 916	26	6	0	2	1
Irland	17 056	16 699	304	45	2	-	6
Færøyane	66 530	64 094	9	-	-	2 407	20
Sverige	3 958	3 956	-	-	-	-	2
Andre land ²	29 171	26 734	1 299	21	-	1 117	0
1 000 kroner							
I alt	2 090 142	576 650	1 399 261	32 259	1 987	78 516	1 470
Russland	1 460 705	8 467	1 380 604	31 624	1 985	36 640	1 386
Storbritannia og Nord-Irland	170 224	170 001	219	-	-	-	5
Danmark	52 236	51 983	129	102	0	22	0
Irland	70 633	67 010	3 336	287	1	-	0
Færøyane	225 159	196 007	55	-	-	29 097	0
Sverige	24 151	24 151	-	-	-	-	0
Andre land ²	84 663	59 032	14 904	141	-	10 507	78

¹ Nokre fangstarter manglar verdi fordi dette er bifangstar i konsumlandingar og ingen verdi er spesifisert. ² Medrekna m.a. Island, Tyskland, Grønland, Polen og Litauen.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

5. Tilverking og utanrikshandel

5.1. Hovudresultat

Det vert stadig færre bedrifter og sysselsette innan fiskeforedlinga. I 2007 var det 508 bedrifter, ein nedgang på 50 bedrifter sidan 2006, og heile 150 sidan 2000. I alt var 8 837 personar sysselsette i denne næringa i 2007, ei auke på 50 personar sidan 2006, men drygt 3 500 færre enn i 2000. Nordland var det fylket med flest bedrifter og sysselsette.

Eksporten av fisk og fiskeprodukt har dei seinare åra auka i verdi, medan mengda har lege på om lag same nivå. Enno dominerer eksporten av fisk frå havet både i verdi og mengd, men eksporten av oppdretta fisk aukar stadig. Det er òg her den største auke i verdien ligg, sidan lakseprisane har helde seg høge. Delen av fiskeeksportverdien som kjem frå havet, var i 2007 nede i 60 prosent, medan den så seint som i 2002 låg på nærare 75 prosent.

Den totale eksportverdien av fisk og fiskeprodukt i 2007 var på 37,1 milliardar kroner. Dette var berre ein auke på rundt 3 prosent frå 2006. Det blei eksport om lag 2,2 milliardar tonn, ein auke på heile 16 prosent frå året før. Over halvparten av mengda gjekk til EU, som òg stod for nærare 67 prosent av verdien. Dei største importlanda målt i mengd var Russland, Danmark, Frankrike og Storbritannia (med Nord Irland). Bortsett frå oppdretta laks ligg den største verdien i *annan fersk eller kjølt fisk medrekna filet*, som først og fremst gjekk til land i EU. Noreg importerte 607 000 tonn fisk og fiskeprodukt til ein verdi av nærare 6,5 milliardar kroner i 2007.

5.2. Om produksjon av statistikken

Omfang Statistikken over bedrifter og sysselsette omfattar alle bedrifter klassifisert i næringa industri, undergruppe 15.2 *Opplaging og konservering av fisk og fiskevarer*, slik denne er definert i Standard for næringsgruppering (SN 2007). Denne næringa tek i mot råstoff både frå fiske og fiskeoppdrett.

Statistikken over eksport og import av fisk og fiskeprodukt omfattar tolldeklarerte varesendingar, inkludert fiskeprodukt frå fiskoppdrett. Sjå vedlegg G for kva for varegrupper som er gjeldande.

Datakjelder Industristatistikken blir utarbeida på grunnlag av skjemainnhenta opplysningar, berekna tal over sysselsette basert på Rikstrygdeverket sitt arbeidsgivarregister, rekneskapsinformasjon frå næringsoppgåva og data frå innsendte årsrekneskap til Brønnøysundregistra. I tillegg blir det sentrale bedrifts- og føretaksregisteret i Statistisk sentralbyrå nytta intensivt i statistikkproduksjonen. Det vesentlegaste av tilgangar til Bedrifts- og føretaksregisteret får Statistisk sentralbyrå frå Einingsregisteret i Brønnøysund. Einingsregisteret omfattar blant anna alle bedrifter registrert i Skattedirektoratet sitt meirverdiavgiftsmanntal (Momsregisteret) og Rikstrygdeverkets sitt arbeidsgivarregister.

Grunnlaget for eksport- og importtala er administrative oppgåver innhenta av Tollvesenet med heimel i paragraf 32 og 40 i tollova samt kap. 5 i tollovforskriftene.

Datainnsamling, kontroll og revisjon *Industristatistikk*: Skjema blir sendt ut til oppgavegivarane. Når disse kjem inn blir dei optisk leste, medan næringsoppgåver som ikkje kjem inn elektronisk blir registrert manuelt. Konsistenskontrollar blir utførte mellom postar på skjemaet, mot føregåande år, mot produksjonsstatistikken, mot bedrift- og føretaksregisteret, mot næringsoppgåvene og mot årsrekneskapane.

Eksport og importtal: Elektronisk overføring av data frå Toll- og avgiftsdirektoratet (tollvesenet) til Statistisk sentralbyrå blir gjort to gongar per veke. Tollvesenet nyttar det elektroniske tolldeklareringssystemet TVINN til kontrollar. Tollvesenet

og Statistisk sentralbyrå samarbeider om kva for kontrollar som skal nyttast. I revisjonen nyttar Statistisk sentralbyrå eit system der feil i bl.a. prosedyrekodar og varenummer blir fanga opp.

5.3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

Definisjonar

Bedrift er definert som ei lokalt avgrensa funksjonell eining, kor det hovudsakleg blir drive aktivitetar som fell innanfor ei bestemt næringsgruppe. Dette bedriftsomgrepet er i samsvar med definisjonen av "lokal bransjeenhet" i norsk Standard for næringsgruppering (SN 2007) og "establishment" i FNs næringsstandard ISIC Rev. 3.

Føretak er den organisatoriske eininga som omfattar all verksemd blir drive av same eigar, og eit føretak kan følgeleg omfatte fleire bedrifter.

Eksporten omfattar tolldeklarerte varer direkte frå fri omsetning og frå tollager.

